

ÅL KOMMUNE

Kulturkommunen


Årsmelding 2019



Det nye Ål kulturhus




ÅL KOMMUNE



ÅL KOMMUNE

Innhald

ORGANISASJON OG LEIING.....	4
Ordføraren har ordet.....	4
Politisk organisering	7
Administrativ leiing.....	8
Rådmannen har ordet	9
Oppvekst.....	17
Helse og omsorg.....	22
Servicetenester.....	25
Drift og utvikling	27
Hallingdal barnevernteneste.....	31
LOKALSAMFUNN	33
Folkehelse.....	42
Næringsutvikling.....	44
Folketal og bulyst	45
ØKONOMI.....	46
Resultat og avvik.....	46
Utvikling av inntekter og utgifter	48
Fond og gjeld	50
Kostraanalyse	53



ÅL KOMMUNE

ORGANISASJON OG LEIING

Ordføraren har ordet

Året starta roleg med vedtak om at kommunen alltid skal vurdere å byggje i massiv tre eller reisverk av tre når nye bygg skal reisast, og at ein alltid skal byggje innan berekraftige rammer og med fornybare råstoff. Ein god start på året då «klimabrøl» vart kåra til årets nyord i det norske språket.

I mars vart planen for kommunal kriseleiing revidert, med risiko- og sårbarheitsanalyse. Tilstandsrapport for oppvekstsektoren vart vedtatt, og kommunestyret var spesielt opptatt av låg resultatoppnåing innanfor spesialundervisning. Tala går feil veg. Tilstanden ved enkeltskular gjorde dessutan at kommunestyret vedtok ei ekstraordinær løvning til sektoren, mynta på elevar med ekstra hjelpebehov. Det vart difor tilsett miljøterapeutar i 4,6 årsverk.




Kraftressursar og kraftforvaltning vart ei stor sak dette året, sidan straumprisen førre vinter var svært høg samanlikna med siste tiår. Fleirtalet i kommunestyret gjekk for ei løysing der ein kan sikre 80 % av fjarårets straumforbruk for ei viss tid (som å sikre fast rente). Dette gjer situasjonen meir føreseileg for innbyggjarar som ynskjer det, og det har vore få ytringar om straumpri etter at vedtaket vart gjort i juni.

Målbruksplanen vart endeleg oppdatert og fornya, og eit samla kommunestyre slo fast at nynorsk framleis skal vera målforma innan avdelingane i oppvekst, i all administrasjon og som tenestemål for alle som arbeider i Ål kommune.

Tone rådmann gjekk av i april, men fekk levert frå seg eigarskapsmelding for Ål før ho takka av. Denne gir god oversikt over alle organisasjonar, føretak, selskap og styre me eig eller er deleigar i.

Sykkelsatsing og masterplan for Ål kommune er eit tiltak som skal bidra til å styrke Ål som reiselivskommune og som ein attraktiv stad å vera, sommar som vinter. Mange av stigane er tenkt sentrumsnært, nær Sundre og i området ved Bakketun på Torpo. Hytteålingane har i tillegg lenge ynskt seg å få knytt fjellvegar saman. Sommaren 2019 vart det gjort eit pilotarbeid for sambindingsstigar til fjells, frå Oppheimåsen til Lya på Votndalsåsen. Dette vart realisert i eit godt samarbeid og spleislag mellom grunneigarar, kommune og via tippemiddelordninga.

Kulturplanen for 2019-2025 vart vedteken i mai og gir lesarane eit nyttig innblikk i alt som rører seg av kulturell aktivitet i Ål, både i offentleg og frivillig regi. Denne planen set verkeleg Ål på kartet som kulturkommune, og den understrekar kva for prioriteringar som no blir satsa på og kvifor Ål stort sett skårar i eliteklassen av kulturkommunar.



ÅL KOMMUNE

Kommunestyret gjorde eit samrøystes vedtak om å kjøpe Wangen Camping sitt område på Torpo for å utvikle næringstomter i kommunal regi. Dette har vore ei mangelvare, og me er difor svært glade for dette vedtaket.

Etter sommaren var avlaupsleidning og tilkopling til Sundre reinseanlegg den store saka for Votndalen og for lokalpolitikarane. Etter stor frustrasjon frå bygdefolket og mange innspel undervegs, klarte til slutt kommunestyret å einast om ei ordning der fellesskapet tok ein god skjerv av kostnaden (sjølvkost).

2019 var valår, og stor var spenninga då me skulle gå til val. Valdagen 9.9.19. vart ein god dag for Senterpartiet og Arbeiderpartiet, som landa på høvesvis 34 % og 33,8 %. Etter at personstemmene var talde opp den 10.9.19., fekk Arbeiderpartiet tildelt det niande mandatet, frå Senterpartiet. Forhandlingane i etterkant gjorde at ein tverrpolitisk enda opp med avtaleval. Ap fekk ordføraren. Sp fekk varaordføraren. H fekk utvalsleiar i STNR, Sp utvalsleiar i SUKO og Ap utvalsleiar i SHO. Kommunestyregruppa for 2019-2023 består av 9 representantar frå Ap, 8 frå Sp, 4 frå H, 2 frå SV, 1 frå V og 1 frå FrP.

Budsjettprosessen var også denne hausten krevjande, med lite rom for gåvedryss. Kommunestyret valde likevel å nytte noko frå disposisjonsfondet til både helse og oppvekst for å sikre tilstrekkeleg med ressursar for 2020. Me var tydelege på at me ikkje ynskjer store ekstraløyvingar utanom budsjett og økonomiplanarbeid.


Mot slutten av året vart det plassert inn nye folk i styrer, utval og råd. Ordføraren sit m.a. som representant i mange interkommunale eigarforum. Dessutan rakk kommunestyret å starte arbeidet med «Leve hele livet», ein helsereform for eldre, og me gjekk inn i eit felles interkommunalt avlaupskontor for spreidd avlaup, og for Vassområde Hallingdal. Me vedtok plan for helse- og omsorgstenester og rullerte handlingsdelen i trafikktryggleiksplanen for 2019-2022. Kommunestyret sendte inn høyringsinnspeil for å fremje arbeidet for styrking av digitale hjelpemiddel på nynorsk.

Og då eit nytt tiår tikka inn, takka me Buskerud fylke for samarbeidet og ynskte Viken velkommen.

Årets store og dramatiske sak har likevel vore spørsmålet rundt skattlegging av vasskraftverk, initiert av Finansdepartementet via Sanderud-utvalet. I verste fall kunne Ål ha mista om lag 34 mill. kr årleg i kraftinntekter. Saka vart endeleg avklart i februar 2020, då statsministeren skrinla heile arbeidet. Det er eit avgjerande vedtak som sikrar ei meir optimistisk utvikling for lokalsamfunn som Ål.

Eg vil takke både gamal og ny kommunestyregruppe for godt og solid samarbeid. Takk til utvalsmedlemmer og leiarar for at de set eit viktig fokus på fag og innhald i dei ulike sektorane, takk til alle folkevalde for god innsats,ærlege ytringar og felles kamp for Ål-samfunnet.

Arbeidet for å lykkast politisk handlar om mange ting. Det er lurt å gi ros til dei som fortener det, gi beskjed om noko er uregitt, stille spørsmål og vera opne for at andre har gode innspeil, og alltid minne oss sjølve på at dei fleste vil fellesskapet og lokalsamfunnet alt godt.




ÅL KOMMUNE

Ein ordførar og eit kommunestyre klarar ikkje å utvikle ein kommune åleine. Eg takkar administrasjonen ved rådmann Karsten Dideriksen for god fagleg styring og kvalitet ved alle avdelingar, og for svært godt samarbeid.

I tillegg sender eg ein varm takk til alle innbyggjarar, til kvar og ein for alt det den enkelte bidreg med, innan næringsliv, lag og organisasjonsarbeid, frivillig innsats, dugnad og til alle som handlar lokalt. Me lever midt i historia, og alle bidrag er viktige for å forme notid og framtid i Ål og Hallingdal, til det beste for oss alle.


*Solveig Vestenfor
ordførar*





ÅL KOMMUNE


Politisk organisering



Tal på saker i utval	2019	2018	2017	2016	2015	2014	2013
Kommunestyre	139	86	87	82	108	78	82
Formannskap	87	91	87	91	96	98	101
Sektorutval for helse og omsorg	19	31	36	37	35	39	35
Sektorutval for kultur og oppvekst	46	38	42	55	58	47	50
Sektorutval for teknisk, næring og ressurs	102	129	112	126	136	102	111
Næringsstyret	34	26	26	26	20	28	35
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	4	6	3	5	3	4	7
Eldereråd	19	19	13	14	19	11	20
Sum tal på saker	450	426	406	436	475	407	441

KOMMUNESTYRE	
Solveig Vestenfor, Ap, ordførar	Ole Egil Trinrud, Sp, varaordførar
Dagfinn Bøygard, Ap	Anne Vetteren Grøthe, Sp
Audun Vestenfor, Ap	Ola Terje Oleivsgård, Sp
Tore Bøygard, Ap	Nils-Ove Svensgård, Sp
Jan Egil Grue, Ap	Tore Arnegard, Sp
Marie Skråmestø, Ap	Torhild M. Hellings Bergaplass, H
Hedvig Johanne Rud, Ap	Jan Idar Dalseide, H
Lene Prestegård, Ap	Sigrun Jorde, H
Torleif T. Dalseide, V	Vemund Gudbrandsgård, H
Anne Kjersti Frøyen, V	Børge Bekkestad, KrF
Jens Petter Brandlie, V	Ingeborg Kaslegard Frydenlund, KrF
Espen Jakobsen, V	Ida Marie Holen, FrP
Live Magnetun, V	

FORMANNSKAPET	
Solveig Vestenfor, ordførar, Ap	Torleif T. Dalseide, V
Dagfinn Bøygard, Ap	Torhild M. Hellings Bergaplass, H
Ole Egil Trinrud, varaordførar, Sp	Ingeborg Kaslegard Frydenlund, KrF
Anne Vetteren Grøthe, Sp	



ÅL KOMMUNE

SEKTORUTVAL FOR HELSE OG OMSORG	
Tore Bøygard, Ap, leiar	Anne Kari Olsen, V
Lene Prestegard, Ap	Espen Karlsen, H
Tore Arnegard, Sp	Ida Marie Holen, FrP
Esben Jakobsen, V, nestleiar	

SEKTORUTVAL FOR KULTUR OG OPPVEKST	
Jan Egil Grue, Ap, nestleiar	Lars Brattåker Gjengedal, V
Marie Skråmestø, Ap	Sigrun Jorde, H
Ola Terje Oleivsgard, Sp, leiar	Børge Bekkestad, KrF
Live Magnetun, V	

SEKTORUTVAL FOR TEKNISK, NÆRING OG RESSURS	
Henrik Schjørlien Haugstøl, Ap	Anne Kjersti Frøyen, V, leiar
Hedvig Johanne Rud, Ap	Jan Idar Dalseide, H
Nils Ove Svensgård, Sp, nestleiar	Iselin Haugo, H
Kjersti-Elise Haugen Løyte, Sp	

NÆRINGSSTYRET	
Solveig Vestenfor, Ap	Stein Rudi Austheim, leiar
Esben Jakobsen, V	Astrid Sonerud
Morten Gjeldokk	


Administrativ leiing

Rådmannen er den øvste administrative leiaren i kommunen.

I rådmannen sitt leiarteam sit:
økonomisjef, personalsjef, kultursjef, kommunalsjef oppvekst, kommunalsjef helse og sosial, kommunalsjef drift og utvikling.

Rådmannsteam skal sikre ei heilskapleg og balansert drift av kommunen.
Kvar av sektorleiarane har ansvar for sin sektor og er nærmeste leiar for avdelingsleiarane.

Økonomisjefen og personalsjefen har eit gjennomgåande ansvar innanfor sine område i heile organisasjonen. Kommunalsjef for helse og sosial fungerer som rådmannen sin vara.



ÅL KOMMUNE

Rådmannen har ordet



Det vart født 36 born i Ål i 2019, det var ein god auke frå 2018, då det berre vart født 18 born. Folketalet pr. 31.12.2019 er på 4 674. Det er ein auke på tre personar sidan 2018. Det er positivt at me har eit stabilt folketal. Likevel ser me at utviklinga held fram med ein markant nedgang i elevtalet på skulane våre dei siste åra. Grunnen til at folketalet er stabilt, er ei betydeleg tilflytting og ikkje minst busetting av flyktningar.

I 2019 tok innbyggjarar i grendene – først Torpo, så Nordbygdene og Sundre – initiativ til møter med fokus på å gjera sine nærområde til ein endå betre plass å bu og leve i. Ål kommune ser at desse innbyggjarinitiativa er starten på ei rett utvikling og vil legge til rette for at grendelaga kan jobbe vidare med tiltaka og planane dei har i åra som kjem.

Av andre viktige saker som Ål kommune har arbeidd med i året som gjekk, vil eg nemne:

- Slutføring av utbygginga på Ål kulturhus
- Kloakkledning frå Nordbygdene til Sundre
- Klargjering av næringsareal på Torpo


Ål kommune hadde eit mindreforbruk på 19,5 millionar kr i 2019. Eg viser til økonomisjefen sin analyse av rekneskapen i dette dokumentet. Sektorane viser god budsjettdisiplin. Sektorane og avdelingane sine resultat vert også kommentert særskild i dokumentet. Budsjetterte kraftinntekter er brukt i drift til å dekkje utgiftene våre til renter og avdrag på lån. Resultatet er svært godt, og rådmannen rår til at årets mindreforbruk blir sett av til disposisjonsfond. Disposisjonsfondet er på 65,5 millionar kr pr. 31.12.2019. Ei slik avsetning vil bringe disposisjonsfondet («kommunen sin reservekonto») opp på 85 millionar kr, noko som er godt å ha om det kjem vanskelege tider. Rådmannen vil nemne at budsjetterte kraftinntekter ikkje dekkjer renter og avdrag på lån i 2020, noko som krev endringar i kommunen sine satsingar i dei kommande åra.

Kommunen ligg langt framme på mange viktige samfunnsområde. Eg vil spesielt nemne at UNICEF Norge har kåra Ål som ein av dei ti beste kommunane i landet med omsyn til oppvekstkår for barn og ungdom. Ål har gode fritidstilbod til unge og vaksne både innan idrett og kultur. Me har god standard på tenesteproduksjonen, og innbyggjarane gir uttrykk for at dei er nøgde med dei kommunale tenestene. Det viser seg likevel at dei økonomiske nedskjeringane slit på ein del tenesteområde, og at mange tilsette har ein utfordrande kvardag.

Rådmannen er svært imponert over korleis dei tilsette taklar arbeidsdagane, og er glad for den lojaliteten både administrasjonen og det politiske nivået viser. Rådmannen opplever at det er ein god dialog og ei positiv innstilling i administrasjonen, i det politiske miljøet og mellom politikarar og administrasjon. Eg takkar for godt arbeid til beste for alle oss som bur i Ål kommune.


Karsten Popp Dideriksen

Rådmann




ÅL KOMMUNE

Rådmannsteam	Namn
Rådmann	Karsten Dideriksen
Kommunalsjef oppvekst	Eldgrim Springgard
Kommunalsjef helse og sosial	Borghild Ulshagen
HR-sjef	Berit Albrecht
Økonomisjef	Erika Maria Braaten
Kultursjef	Hilde L. Bjørnsvik
Kommunalsjef drift og utvikling	Reidun Aaker
Tenesteområdet oppvekst	Namn
Stab	Kommunalsjef Eldgrim Springgard
Ål ungdomsskule	Rektor Anne Marie Stokkedal
Nedre-Ål skule	Rektor Ellen A. B. Ellingsgard
Skattebøl skule	Rektor Elin Flaget
Leveld skule	Rektor Simen Rasmussen Elander
Torpo skule	Rektor Per Egil Kolsrud
Sundre barnehage	Styrar Tone Lyngvi
Skattebøl barnehage	Styrar Grete T. Hagen
Torpo barnehage	Styrar Mette Oleivsgard
Nordbygdene barnehage	Styrar Einfrid Hagen
Ål kulturskule	Rektor Iris Almås Tangeraas
PPT for Ål og Hol	Avdelingsleiar Lennart Artmann
Helsestasjon	Avdelingsleiar Anikken Jensen Teigen
Vaksenopplæringa	Avdelingsleiar Silje Landsmann-Wiwe
Sando barnehage	Styrar Bernt Ivar Hjelmsø, til 1.10.19 Kirsten Strasser Gjeldokk, frå 1.10.19
Tenesteområdet helse og sosial	Namn
Stab	Kommunalsjef Borghild Ulshagen
Tunet	Avdelingsleiar Marit Øen Li
Stugu	Avdelingsleiar Tone Fossgård Berg
Miljøterapitenester 1	Avdelingsleiar Karin Redalen



ÅL KOMMUNE

Miljøterapitester 2	Avdelingsleiar Marianne Skarpås
Heimetester	Avdelingsleiar Herbjørg D. Bjerke
Psykisk helse	Avdelingsleiar Maj Britt Svartveit
Legetester	Avdelingsleiar Anne Hefte
Ergo- og fysioterapi	Avdelingsleiar Live Magnetun
Tenesteområde drift og utvikling	Namn
Stab	Kommunalsjef Reidun Aaker
Utviklingsavdelinga og VAR	Avdelingsleiar Svein Furuhaug
Veg og park	Avdelingsleiar Dag Hovde
Byggforvaltning	Avdelingsleiar Trond Ellingsen
Reinhald	Avdelingsleiar Kristin Romslo Lunden
Tenesteområde kultur	Namn
Kulturkontor	Kultursjef Hilde L Bjørnsvik
Biblioteket	Biblioteksjef Anne Kaslegard
Ål kulturhus	Kulturhusleiar Anita Borrmann Skoglund
Fellesfunksjonar	Namn
Personalkontor	HR-sjef Berit Albrecht
Servicetenester	Avdelingsleiar Turid Hilde Gåsbakk
Andre tenesteområde	Namn
Hallingdal barnevernteneste	Barnevernleiar Helene Sagabråten



ÅL KOMMUNE

Medarbeidarar og personalforvaltning

Ål kommune ynskjer å gi medarbeidarane ein meiningsfull og utviklande arbeidskvardag, bygd på tillit, tydelegheit og tilgjengeleghet. Kommunen sine tilsette er den viktigaste ressursen me har for å kunne gi innbyggjarane våre eit fullverdig tenestetilbod.

Ved utgangen av 2019 hadde Ål kommune 480 årsverk fordelt på 639 tilsette.

REKRUTTERING/ KOMPETANSE

For å kunne gi gode tenester til innbyggjarane i Ål, må me så langt det er mogeleg sikre at me har den rette kompetansen. Me arbeider med å behalde den gode kompetansen me har,




og med å rekruttere ut ifrå dei behova som til ei kvar tid finst.

I Norge er det ein mangel innanfor helse, pleie og omsorg på omlag 12.750 tilsette i 2019, og prognosene viser at mangelen vil vera fire gonger så stor i 2030. Dei største utfordringane innan rekruttering i framtida vil vera behovet for kvalifisert fagpersonell i helse- og omsorgssektoren.

Kommunen legg til rette for at medarbeidarane skal kunne auke kompetansen sin. Sektorane har sine eigne kompetanseplanar. Ål kommune har retningslinjer for økonomisk støtte ved kompetanseheving og utdanning.

Ål kommune hadde sju lærlingar i 2019 i helsefagarbeidarutdanning, barne- og ungdomsfaget og kontorfaget.

Eit samarbeid er i gang med Høgskulen på Vestlandet (HVL) med mål om å etablere ei desentralisert sjukepleiarutdanning med base i Hallingdal.



ÅL KOMMUNE

INNOVASJON – OPPLÆRING – LEIARUTVIKLING

Avdelingsleiarane hadde i november 2019 eit avdelingsmøte med ei felles HMS-samling saman med verneomboda og Terje Nordal, HMS-rådgjevar i Hallingdal og Valdres bedriftshelseteneste (HAVA BHT).

Vidare har Ål kommune deltatt i Innovasjonsløftet 2019 med ei arbeidsgruppe som jobba med «Bu- og blilyst». Fyrste funn frå intervjeta med nytiflyttarar og ein workshop rundt temaet vart presentert i kommunestyremøtet i januar 2020.

HMS – HELSEFREMMANDE ARBEID

Kommunen har eit mål om at alle dei tilsette skal kjenne tryggleik og arbeidsglede på arbeidsplassen. Vernetenesta og Arbeidsmiljøutvalet (AMU) er ein viktig ressurs for å nå dette målet. Alle leiarar og verneombod gjennomfører grunnkurs i arbeidsmiljø i regi av HAVA BHT.

I 2019 er det gjennomført ei medarbeidarundersøking som vart følgjt opp i tråd med KS sin 10-faktormodell. Les meir her: <https://www.10faktor.no/>.

VELFERDSTILTAK

Ål kommune har gitt tilsette eit turkort til «10 turfavorittar i Ål» i gave. Vidare inviterte kommunen alle tilsette til julehygge med omvising i det nye kulturhuset, julefilmen «Last Christmas», gløgg og snacks.

BEDRIFTSHELSETENESTE

Ål kommune har medlemskap i HAVA BHT og avtale om kjøp av 220 timer pr. år. Årleg vert det utarbeidd ein aktivitetsplan av kommunen og HAVA BHT for disponering av timane. Ein del av aktivitetsplanen er ein kontingenst av timer som kan brukast til individuell rettleiing ved behov.

INTERN OPPLÆRINGSPLAN

Opplæringsplanen er spesielt retta mot leiarar, men også verneombod, tillitsvalde og andre interesserte er velkomne til å delta på samlingane. Tema på samlingane er mellom anna gjennomgang HMS-relaterte tema, bruk av IKT-systema og andre verktøy, og økonomi.



ÅL KOMMUNE


JUBILEUMSFEIRING

Våren 2019 arrangerte me jubileumsfest for dei som har vore tilsette i Ål kommune i 30 og 40 år.

30-årsjubilantar: Terje Asgrimplass (Byggforvaltning), Tove Østingsen (Servicetenester).

40-årsjubilantar: Gerd K. Opsata (Psykisk helse), Lars Jordet (Innvandrartenesta), Grete T. Hagen (Skattebøl skule), Torbjørg Myro (Sundre Barnehage), Grete O. Løken (Helse stab/omsorgskontoret), Gunvor Sørbøen Larsen (Miljøterapi).





ÅL KOMMUNE

NÆRVÆRSARBEID


Nærværet i kommunen har i 2019 vore på 92,8 %, mot 92,9 % i 2018. Tala for nærvær kjem fram ved å rekne 100 % nærvær og trekke frå summen av legemeldt og eigenmeldt fråvær. Når me berre reknar legemeldt fråvær, er nærværet i 2019 på 94,6 %, mot 94,7 % i 2018.


Me har eit mål om å liggje rundt 95 % nærvær. Nærværet har i det store biletet vore bra, men einskilde avdelingar har utfordringar.

Bedriftshelsetenesta blir brukt i nærværarbeid og vidareførte 2019 eit prosjekt kalla «Tett på» i ei avdeling med stort fråvær.

Vidare har me hausten 2019 laga ei «Ressursgruppe sjukefråværssoppfølging» der avdelingsleiarar, personalrådgjevarar, IA-rådgjevar og NAV-rådgjevar har anledning til å diskutere konkrete saker og utfordringar med sjukefråværssoppfølging.

SJUKEFRÅVÆRSSTATISTIKK FOR ÅL KOMMUNE 2008 -2019





ÅL KOMMUNE

LIKESTILLING OG LIKELØN

Kommunen følgjer gjeldande lover, forskrifter og tariffavtalar som kan bety noko for likestilling mellom kjønna. Løn til tilsette i samsvar med gjeldande tariffavtalar bidreg til likebehandling mellom kjønna ved at det er lik løn for likt arbeid.

Kommunen sin lønnpolitikk skal sikre lik utvikling av løn for kvinner og menn. Det er til ei kvar tid fokus på likeløn innanfor same yrkeskategori. Dette er særleg aktuelt ved nyrekrytting og ved lokale lønsforhandlingar.

Kvinner utgjer 80 % av kommunen sine tilsette. Kommunen speglar eit typisk bilde der kvinner vel omsorgssyrke, barnehage og skule.

Kommunen har stor prosent av kvinner i leiarstillingar. På toppleiarnivå og i rådmannsteamet er det 71 % kvinner (5 kvinner og 2 menn). På mellomleiarnivå er det 77 % kvinner (23 kvinner og 7 menn).

INTEGRERING


Ål kommune arbeider for likestilling og mot diskriminering. Ål kommune ynskjer at dette skal vera integrert i alle prosessar i kommunen si verksemd. Kommunen er ein stor arbeidsplass. Ved stillingsutlysingar der det er kvalifiserte søkerar av begge kjønn, blir som hovudregel både menn og kvinner kalla inn til intervju. Det same gjeld dersom det er kvalifiserte søkerar med innvandringsbakgrunn.

Ål kommune er bevisst samfunnsansvaret sitt, og me tek difor inn mange på forskjellige tiltak. Dette er eit viktig arbeid med tanke på integrering av dei med lågare funksjonsevne og arbeidstakrar som av andre årsaker treng arbeidstrening, språktrening eller anna.

ETISK STANDARD

Ål kommune har eigne etiske retningslinjer. Høg etisk standard krev open kommunikasjon og refleksjon rundt etiske problemstillingar ved dei ulike arbeidsplassane i organisasjonen.

Dei etiske retningslinene er ein del av kommunen sin arbeidsgjevarstrategi og er også eit tema i introduksjonen for nye tilsette. Etikk i det daglege er viktig for å styrke og utvikle den etiske standarden som skal kjenneteikne Ål kommune.



ÅL KOMMUNE

Oppvekst

«Betre læring i Ål kommune» er, ved sida av nasjonalt lov- og planverk, styringsverktøy for oppvekst. Kvalitetsmåla som alle avdelingane i oppvekst styrer mot, er i perioden 2016-2020:

A. Tett og tidleg på:

→ Alle får raskt hjelp ved behov, både fagleg og sosialt.

B. Læringsutbytte:

→ Med tilpassing og eigeninnsats har alle utbytterik læring.

Drift og endringsarbeid er rapportert til kommunestyret i «Tilstandsrapport 2019 for oppvekstsektoren i Ål kommune». I tillegg fortel årsmeldingane frå avdelingsleiarane om mykje godt arbeid i sektoren.


Samla resultat for sektoren i 2019 er eit meirforbruk på 1,8 millionar kroner. Store avvik blir forklart i kommentarane under tabellen.

RESSURSBRUK PR. RESULTATOMRÅDE

Avdelingsvise avvik (tal i 1000)	Rekneskap 2018	Rekneskap 2019	Budsjett inkl. endringar	Avvik	Note
2000 Oppvekstkontoret	3 867	3 475	3 565	90	
2010 PPT for Ål og Hol	3 361	3 205	3 568	362	1
2020 Barnehagar	26 851	29 028	28 760	-268	2
2030 Skular	65 474	66 949	64 669	-2 280	3
2050 Musikk- og kulturskule	2 493	2 589	2 579	-10	
2060 Leirskule	-34	-110	0	110	4
2080 Helsestasjon	3 300	3 558	3 570	12	
2090 Innvandrartenesta	5 978	6 208	6 364	156	
Sum	111 290	114 902	113 075	-1 827	

Note:

1. Ål deler utgiftene med Hol. Talet er Ål sin del. Underforbruket er vakanse på grunn av sjukefråvær.
2. Barnehagane har i sum eit lite overforbruk. Skattebøl barnehage har det største overforbruket. Anna meirforbruk er tiltak knytt til enkeltbarn med store hjelpebehov.
3. Meirforbruket til skulane kjem også dette året av kostnadskrevjande oppfølging av enkeltelevar: Nedre-Ål 1,8 mill., Skattebøl og Ål ungdomsskule 0,4 mill. og Leveld 0,3 mill.
4. Ål kommune har det pedagogiske ansvaret ved Hallingdal leirskule og har tre leirskulelærarar i ein stillingsprosent som blir finansiert med refusjon frå kommunane som kjøper leirskuleopp holdet.



ÅL KOMMUNE

AKTIVITETEN I 2019

Statistikk

KOSTRA, GSI og Utdanningsdirektoratet har statistikk for Ål. Her er nokre tendensar:


- Ål innfrir den lovbestemte retten til barnehageplass.
- Grunnskulen i Ål hadde sist skuleår 7,6 elevar per undervisningsårsverk. Nasjonalt var det 11,6 elevar per undervisningsårsverk.
- 13,9 % av elevane har vedtak om spesialundervisning.
- Resultat på nasjonale prøver er for 5. trinn under landssnittet i engelsk og omtrent på landssnittet i rekning og lesing.
- Resultat på nasjonale prøver er for 8. trinn under landssnittet.
- Resultat på nasjonale prøver er for 9. trinn betre enn landssnittet.
- Eksamensresultat for 10. trinn er dette året over landssnittet i norsk sidemål, nær landssnittet i matematikk og norsk hovudmål, og under landssnittet i engelsk.
- Samla karaktersnitt etter 10. klasse (grunnskulepoeng) er 42, det same som landssnittet.
- I elevundersøkinga er det liten skilnad mellom Ål og det nasjonale gjennomsnittet.

Arbeid i 2019

Drift og utviklingsarbeid i sektoren følgjer årshjulet for kvalitetsmåla i Betre læring. Viser til «Tilstandsrapport 2019 for oppvekstsektoren i Ål kommune». Nokre stikkord:

- Skular og barnehagar er med i prosjektet «Inkluderande barnehage- og skolemiljø».
- Barnehagane held fram arbeidet med å innføre ny nasjonal rammeplan gjeldande frå august 2017.
- Skulane arbeider med fagfornyinga med vekt på ny overordna del. Blir gjort gjeldande frå august 2020.
- Rutine – nettverk for føresette i Ål kommune gjeld for alle barnehagar og skular i Ål.
- Modell for «Betre tverrfagleg innsats» (BTI) er utarbeidd, og innføringsarbeidet har starta i barnehagar, skular og hjelpetenestene i kommunen.
- Ny prosjektplan IKT med vekt på digital læring er vedteke.
- Felles kompetanseutvikling i Hallingdal i samarbeid med Høgskulen på Vestlandet.
- Felles leiarstøtteprogram i Hallingdal for pedagogiske leiarar, styrarar og skuleleiarar.
- Starta prosjektet «Samordning og organisering av hjelpetenestene for barn og unge».





ÅL KOMMUNE

RESSURSUTVIKLING

Oppfølging av barn og elevar i oppveksten er ei god investering både for enkeltindividet og for samfunnsøkonomien. Kostnad per barn/elev har auka meir enn prisstigninga dei siste åra. I åra etter 2012 reduserte sektoren talet på tilsette. Samstundes var elevtalet meir stabilt. Frå 2017 har det vore nedgang i barne- og elevtal. I same periode har talet på elevar med store hjelpebehov auka.

UTVIKLING OVER TID

Kostnad pr. barn i barnehagen

	2019	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011*	2010	2009	2008
Netto utgift (1000 kr)	33 911	29 678	29 122	29 027	28 165	26 366	24 176	23 031	20 663	5 205	5 073	4 072
Tal barn	177	173	189	199	203	220	214	207	206	207	207	201
Kostnad pr. barn	191 587	171 549	154 085	145 864	138 744	119 845	112 971	111 260	100 305	25 145	24 507	20 259

Tabellen syner netto kostnad pr. barn i barnehage uansett lengde på opphold.

Merknad: Berekningsgrunnlaget er netto utgift på ansvar 2000, 2010 og 2020. Ansvar 2000 og 2010 er delt 30/70 mellom 2020 og 2030.

Frå 2012 er reinhaldsutgifter frå ansvar 6030 og utgifter til byggforvaltning frå ansvar 6040 teke med. Frå 2011 vart barnehagane finansiert via rammetilskotet til kommunen på lik linje med skulane. Tidlegare vart barnehagane finansiert via statstilskotet.

Kostnad pr. elev i grunnskulen

	2019	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012*	2011	2010	2009	2008
Netto utgift (1000kr)	78 946	77 428	73 493	71 664	70 820	68 644	68 094	67 400	62 300	59 000	57 200	50 100
Elevtal	559	581	590	638	634	641	643	642	642	643	645	632
Kostnad pr. elev	141 227	133 266	124 564	112 326	111 703	107 089	105 900	104 984	97 127	91 757	88 682	79 272


Merknad:

Berekningsgrunnlaget er netto utgift på ansvar 2000, 2010 og 2030. Ansvar 2000 og 2010 er delt 30/70 mellom 2020 og 2030.

Frå 2012 er reinhaldsutgifter frå ansvar 6030 og utgifter til byggforvaltning frå ansvar 6040 teke med.

PPT

PPT tok i mot 59 nye tilmeldingar i 2019. I 2018 var talet 48, i 2017 var talet 43, i 2016 var talet 56, i 2015 var det 46 og i 2014 var talet 74. Gjennom primærkontaktarbeidet ynskjer PPT å dreie meir av innsatsen over mot systemarbeid. I 2018 vart ny rutine for tilpassa opplæring teke i bruk. Etterspørslene etter systembaserte tenester har etter dette auka.



ÅL KOMMUNE

INNVANDRARTENESTA

Innvandrartenesta samlar flyktningtenesta og vaksenopplæringa for framandspråklege.

Flyktningtenesta busette totalt 15 flyktningar i 2019 (6 familiesameinte). Tenesta har oppfølging av ca. 80 flyktningar med butid på 5 år eller mindre. Av desse er litt over halvparten vaksne.

Overføringsflyktningar er meir ressurskrevjande, og behovet for miljøarbeidarar med språk- og kulturkompetanse er større. Brukarundersøkinga i 2019 viser at majoriteten av dei busette flyktningane trivst i Ål og ynskjer å bli buande her.

Vaksenopplæringa (VO) tilbyr norskopplæring for innbyggjarar i Ål og Hol kommune. Skulen flytt inn i nye lokale på kulturhuset ved årsskiftet 2019/2020. VO har om lag 20 elevar. Minkande elevtal har opna for nye tilbod som kombinasjonsklasse på Ål vidaregåande, norskundervisning på sjukeheimen, symjeundervisning for kvinner og arbeidsretta norskopplæring. Ål kommune hadde totalt om lag 14 elevar på grunnskule for vaksne på Læringsenteret i Gol i heile 2019.




HELSESTASJONEN

Det vart fødd 35 barn i Ål i 2019. I tillegg har 4 spedbarn flytt til kommunen.

Statistikken under syner ansvarsområde for helsestasjonen:

	2019	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010
Fødte	39	20	45	33	44	45	35	48	55	46
Konsultasjonar hjå jordmor	684	444	559	613	547	503	455	503	614	536
Tal på besøk ungdomshelsestasjon	125	126	85	104	161	89	173	175	161	142
Konsultasjonar barn < 5 år	1 220	1 011	1 224	960	976	929	951	916	617	837
Konsultasjonar skulebarn i grunnskulen/ vgs.	2 867	3 273	2 211	2 428	2 400	1 761	1 737	1 361	1 127	968
Reise- og influensavaksinasjonar	935	892	764	646	555	483	669	580	924	816

Talet på konsultasjonar for barn frå 0-5 år har auka mykje dei siste to åra. Forklaringsa er at alle som har født skal ha eit besøk av jordmor innan fire dagar etter heimreise. Det er også ein auke i reise- og influensavaksinering.



ÅL KOMMUNE

KULTURSKULEN

Årstal	2019	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010	2009	2008	2007	2006	2005	2004
Elevplassar	389	355	339	353	340	360	368	340	325	370	360	307	276	230	217	227
Venteliste	20	38	40	27	49	70	116	123	95	44	66	58	53	60	78	90

Venteliste: Slagverk (6), piano (3), song (4), dans (1), hardingfele (1). To tilbod med for få påmeldte: musikkleik (3) og kor (2).

Ål kulturskule stod for NM-dansen med alle elevar i Ål under NM i skiskyting på Liatoppen. Ål kulturskule var vertskap for prosjektet DUS (Den unge scene) med teaterelevar frå heile dalen, og framsyninga «Jegertimen» vart spelt både på Ål kulturhus og på DUS-festival på Union Scene i Drammen. Kulturskulen laga også ein tverrfagleg produksjon, «Musical Highlights», med to framsyningar i april.

Hallingdal Dansekompani debuterte under Folkemusikkveka i mai.

I mai fekk kulturskulen og innvandrarartenesta tildelt midlar frå Sparebankstiftelsen til prosjektet Kulturmagi, eit gratistilbod som skal munne ut i ei framsyning i 2020.




HALLINGDAL LEIRSKULE

Hausten 2016 starta Hallingdal Feriepark med leirskule. Ål kommune har ansvar for det pedagogiske opplegget og har tilsett tre lærarar som er knytt til leirskulen i ein prosentdel. I 16 veker er mellom 60 og 100 elevar på leirskuleoppdrag i Ål. Leirskulen får mykje hjelp frå lokalsamfunnet for å gjennomføre interessante undervisningsopplegg for leirskuleelevene.

UTFORDRINGAR I 2020

- Rekruttere fagfolk med rett kompetanse til oppvekstsektoren.
- Halde fram arbeidet med å konvertere frå spesialundervisning til tilpassa opplæring.
- Gjennomføre IKT-prosjektet etter oppsett framdrift.
- Arbeide med fagfornyinga fram mot 2020.



ÅL KOMMUNE

Helse og omsorg

OPPSUMMERING

Helse- og omsorgssektoren i Ål har vore prega av høg stabilitet både i kommunalsjefen sin stab og i avdelingsleiargruppa. Året 2019 har vore noko annleis, med bakgrunn i endring i stillingar og funksjonar. Dette gjeld stillingane som kommunalsjef, konsulent fagutvikling og kommuneoverlege. I avdelingsleiargruppa har det vore endringar i avdelingsleiar i legetenesta/ legevakt og dagleg leiar i

Hallinghelse. Våren 2019 vart NAV-kontora samla til NAV Hallingdal, og avdelingsleiarfunksjonen i Ål vart avslutta. Alle ledige stillingar er tilsett på nytt i 2019, og dei nye har kome godt i gang med sine funksjonar.

Helse- og omsorgssektoren i Ål er utviklingsorientert, viser god fagleg kvalitet på tenestetilbodet og har samla levert gode kvalitative tenester til innbyggjarane også i 2019. Innbyggjarane sine behov for helse- og omsorgstenester er veksande, noko som passar med framskrivingar gjort for Ål. Avdelingane gir signal om ein merkbar auke i tenestebehov i 2019, særskild for gruppa born/unge og eldre. Ål kommune har i høve til storleik også eit høgt tal av innbyggjarar med behov for omfattande tenester. Helse- og omsorgstenestene har klart å dekke dei fleste av desse behova, men i nokre tilfelle er det kjøpt plassar eller tenester hjå private aktørar. Auke i tenestebehov, sjukefråvær blant tilsette og ombygging av kjøkkenet i ei sjukeheimsavdeling har påverka bruken av ekstrabemannning. Meirkostnadar i enkelte tenester innanfor


sektoren sitt totale nettobudsjett kan dermed forklare overforbruket i sektoren.

Samla resultat for sektoren i 2019 er eit meirforbruk på 0,2 %.

Kommunalsjefen meiner:

Helse- og omsorgstenestene for 2019 har vore brukarorienterte, med fokus på utviklingsarbeid og god fagleg kvalitet på tilbodet til innbyggjarane.






ÅL KOMMUNE

REKNESKAP OG BUDSJETT FORDELT PÅ ANSVAR (ALLE SUMMAR I HEILE 1000 KR)

Ansvær		Rekneskap 2019	Budsjett 2019	Budsjett inkl. endring 2019		Avvik%	Avvik i NOK	
3000	Sektorleiar helse- og omsorg	-21 655	-11 667	-12 291		176,18	9 364	1
3010	Intermediær avdeling	3 864	4 641	4 641		83,26	777	2
3020	Legeteneste	9 871	9 281	9 281		106,36	-590	3
3021	Interkommunal legevakt	1 922	3 138	3 138		61,24	1 216	3
3030	Ergo-/fysioterapi	7 534	7 850	7 850		95,98	316	4
3040	NAV	5 853	7 650	7 650		76,51	1 797	5
3050	Stugu	30 482	23 458	25 107		121,41	-5 376	6
3060	Tunet/natt	9 976	8 159	8 159		122,26	-1 817	6
3070	Tunet/natt	11 263	11 952	10 927		103,08	-336	6
3080	Miljøterapiavdeling 2	21 618	18 857	18 857		114,64	-2 761	6
3090	Miljøterapiavdeling 1	17 671	15 565	15 565		113,53	-2 106	6
3100	Psykisk helse og rus	10 016	9 529	9 529		105,11	-487	7
3120	Heimetenesta	27 248	26 925	26 925		101,20	-323	6
3999	Øyremerka tilskot helse	-10	0	0		0,00	10	8
	ALLE	135 654	135 338	135 338		100,23	-316	8

Note:

- 1: Høgare inntekter/ tilskot refusjon kostnadskrevjande brukarar. Innsparingar i fellesutgifter for å dekkje meirforbruk på løn og vikartenester i omsorgsavdelingane.
- 2: Intermediær avdeling har i 2019 hatt eit lågare forbruk enn budsjettet.
- 3: Legetenester og interkommunal legevakt har samla hatt eit overforbruk i 2019. Stor pågang legevaksentral, auka bemanning i helg i vinter- og sumarsesong og bruk av overtid grunna liten tilgang på kvalifiserte vikarar.
- 4: Avdeling fys/ergo har eit mindreforbruk trass utviding av opningstider på dagsenteret, ope heile sumaren og tilbod om middagservering på dagsenteret. Helse auka sin del i koordinerande frå 25 og 50 %. Oppsøkande team endra frå 50 % til 100 % stilling. Koordinerande eining, rehabiliteringsteam og oppsøkande team er også inkludert.
- 5: NAV (kommune) har eit mindreforbruk. Mindreforbruket skuldast mindre utbetaling i økonomisk sosialhjelp, og ei stilling som er vakant.
- 6: Meirforbruket skuldast i stor grad auka brukarbehov. Utfordringar med å rekruttere til ledige stillinger. Vikarfirma må nyttast i periodar for å oppnå fagbemanning. Det har og vore behov for ekstravakter både på dag, kveld, natt og i helgane. Tenesteomfanget til dei yngre brukarane er i jamm auke, og behov for ressurskrevjande tenester stig. Krav for tilskot ressurskrevjande tenester blir strengare årleg og gjer att kommunen må dekke fleire utgifter. Det er auke i utgiftene til brukarstyrt personleg assistent og omsorgsløn. Dei auka utgiftene blir dekte av auka inntekter. Desse inntektene er ført på ansvar 3000.
- 7: Psykisk helse og rus. Tenestene går som før, men det er kjøpt to institusjonsplassar, og meirforbruket skuldast dette. Samarbeid med oppvekst er godt. Avdelinga ser ei auke i oppdrag til barn, unge og familiar.
- 8: Samla resultat for sektoren viser eit meirforbruk på kr 316.000. Avvika i utgifter og inntekter handlar for ein stor del om nye behov hjå einskildbrukarar. I tillegg er inntekter for 2019 reduserte som følgje av strengare reglar for tilskot ressurskrevjande tenester.



ÅL KOMMUNE


INVESTERINGAR SOM ER GJORT I PERIODEN

- På avdeling Stugu er uteområdet oppgradert for 700.000 kr, og kjøkkenet er bygd om og fornya for 700 000 kr. Utbetring av ventilasjonsanlegget har hatt ein kostnad på vel 2 mill. kr.
- På avdeling Miljøterapi er to bustadar renovera for 1,2 mill. kr. Den siste blir ferdigstilt i 2020.
- Ny buss er sett i bestilling i 2019, men leveringa er forsinka. Midlane er avsett til 2020.

UTFORDRINGAR I 2020

- Behovet for helse- og omsorgstenester stig generelt og i tråd med framskrivinga. Fleire av innbyggjarane våre har behov for eit omfattande tenestetilbod i 2020. Helsetenesta må vri tenestene til å førebyggje meir og behandle mindre. Me må styrke arbeidet med velferdsteknologi, kvardagsrehabilitering og demensomsorg.
- Oppvekst- og helsesektoren har i 2019 gått saman om fellesprosjekt for samordning av tenester av barn og unge med samansette behov. Det er nødvendig å samle og systematisere tenestene, utvikle eit heilskapleg tenestetilbod og unngå unødig bruk av ressursar.
- Det er utfordringar med å rekruttere helsepersonell inn i ledige stillingar, generelt liten søkermasse på turnusstillingar i Hallingdal og høgt press på fast tilsette.
- Koronaviruset (Covid-19) utviklar seg raskt i Norge. Dette vil gje auka tenestebehov i befolkninga i Ål og skape store økonomiske utfordringar for helsesektoren i 2020.





ÅL KOMMUNE

Servicetenester

Servicetenester har deltatt i medarbeidarundersøkinga i januar. Våre fokusområde etter undersøkinga vart indre motivasjon, relevant kompetanseutvikling og rolleklarheit. Me har hatt totalt 8,5 % sjukefråvær, av dette 5,4 % legemeldt. Me har hatt tilgang på to vikarar. Ny rekneskapssjef var på plass 1.1.19. Me har hatt utplasseringselev frå Ål vidaregåande skole fram til juni og lærling i kontorfag frå 1.8.2019. I juni flytta sekretariatet opp og overtok dei ledige lokala til NAV slik at servicetorg og sekretariat no er samlokalisert.

Servicetenester yter tenester til både interne og eksterne brukarar. Avdelinga har fagområde innan rekneskap, løn, post/arkiv, politisk sekretariat og servicetorg med ansvar for heimesider, intranett, Facebook, kvalitetssystem, personvern, informasjonssikkerheit og sakshandsaming på ulike felt. Avdelinga representerer åtte ulike regionale grupper: økonomi, løn, web, servicetorg, telefoni, kontor/arkiv, informasjonssikkerheit og personvernombod.

Ål kommune og servicetenester står ovanfor ei rivande utvikling innanfor digitalisering av tenester, og det har påverka avdelinga mykje også dette året. Me jobbar kontinuerleg med tilpassing, opplæring, oppdatering og nye rutinar for å imøtekome alle endringar.

Kommune- og fylkestingsvalet har teke myke tid i 2019, med kursing, førehandrøysting, gjennomføring og mykje etterarbeid.

Kompetanseutvikling: 3 deltarar på «Klart språk», 2 deltarar på opplæring i MVA, 1 deltarar på opplæring i kommunerekneskap, 2 deltarar på kurs i den nye Kommunelova, 3 deltarar på kurs i Kommune- og stortingsvalet, 1 deltarar på opplæring i CIM-beredskapssystem, 1 deltarar på Innovasjonsløftprogrammet i Hallingdal, 1 deltarar på KINS + regionale brukarkonferansar.


Servicetorget har vore med og arrangert det tiande treffet for hytteålingar, sendt ut velkomstbrev og invitasjon til arrangement med nyinnflyttarar til Ål kommune og er også med i bulyst-teamet.

Avdelinga har hatt samling med HAVA der temaet var «Vårt arbeidsmiljø – vårt felles mål».

Målet vårt er: jobbe mot eit felles «me», tenke + gjera + føle – ha hjartet med i jobben.

Me har gjennomført kompetansekartlegging med alle tilsette og samtalar rundt dette.

Nøkkeltal	2019	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012
Tal på svar på telefon	12.381	12.523	13.513	13.576	14.251	14.841	15.752	18.002
Tal på svar på chat	210	230						
Ledsagerbevis	17							
TT-teneste - tal på søkjavar	112	94	100	100	96	99	98	95
Parkeringsløyve for funksjonshemma	22	24	26	21	12	12	22	9
Ambulerande skjenkeløyve/ enkeltarr.	14	14	8	15	15	13	16	19



ÅL KOMMUNE


Avlegging etablerarprøve/kunnskapsprøve	29	16	11	6	8	15	14	4
Førehandsrøysting - totalt	765		912		498		730	-
Tal på søk på heimesida	118.641	107.289	110.228	109.302	105.695	120.707	119.527	134.200
Tal på gjester på heimesida	73.573	57.705	59.307	60.487	53.295	35.383	39.404	58.960
Tal på lønsmottakarar	1.415	1.369						
Utsendte fakturaer	21.490	21.420	26.603	17.448				
Borgarlege vigslar	3	2						
Facebook – tal på følgjarar pr. 31.12.	1700	1362	1050					
Digital postkasse – tal pr. 31.12.	44 %	40,5 %	34,1 %					

Servicetenester	Rekneskap	Budsjett	Avvik
2018	9.197	9.303	98,87 %
2019	9.451	9.745	96,98 %

MÅL OG UTFORDRINGAR I 2020

- Fleire brukarar av Digital postkasse
- Arbeid rundt personvernforordninga
- Ta i bruk ny rekrutteringsmodul
- Ta i bruk Chatbooten Kommune-Kari
- CIM og beredskap
- Dra meir nytte av kvarandre i Servicetenester





ÅL KOMMUNE

Drift og utvikling

OPPSUMMERING

Sektoren har desse fire avdelingane: utvikling og VAR (vatn, avlaup og renovasjon), reinhald, byggforvaltning og veg og park. Aktiviteten har samla sett vore høgare enn forventa, både på inntekts- og utgiftssida. Netto overforbruk ligg på 1,7 % av budsjettet.

INVESTERINGAR SOM ER GJORT I PERIODEN


Dei største investeringane som er sluttført i 2019: Overføringsleidning kloakk Votndalen, grunnkjøp Wangen for opparbeiding av næringstomter, kloakk Leveld, ny ventilasjon Leveld skule, nytt ventilasjonsanlegg, brannsikring/rømingsveg og forbetra uteområde eldste del av Ål helsecenter, ny utvendig trapp Skattebøl skule, renovering Trillhus bru og utskifting av maskiner til veg og park.

REKNESKAP OG BUDSJETT - SAMLA FOR TENESTER UNNTATT VAR (VATN, AVLAUP OG RENOVASJON) ALLE SUMMAR I HEILE 1000 KR

	Rekneskap	Budsjett (inkl. endring)	Avvik (per.)	Avvik i % (per.)	Note
	2019	2019			
H	Grp Ansvar: 6 Teknisk				
10	Løn inkl. sosiale utgifter	37 791	36 067	-1 724	-4,56
11	Kjøp av varer og tenester som inngår i produksjon	15 184	12 582	-2 602	-17,13
13	Kjøp av varer og tenester som erstattar kommunal produksjon	22 726	11 395	-11 331	-49,86
14	Overføringer	6 903	4 813	-2 090	-30,27
15	Finansutgifter	11 296	7 096	-4 200	-37,18
	Sum utgifter	94 621	71 953	-22 668	-23,96
16	Salsinntekter	-22 688	-10 159	12 529	-55,22
17	Refusjonar	-11 509	-2 459	9 050	-78,63
18	Overføringer	-20	-17	3	-12,88
19	Finansinntekter	-247	-179	68	-27,40
	Sum inntekter	-34 463	-12 814	21 649	-62,82
	Sum	60 158	59 139	-1 019	-1,69

Merknadar til tabellen:

1. Tala er høgare enn reelt forbruk fordi mange av utgiftene både til byggforvaltning, reinhald og veg og park blir fordelt internt på rett teneste i samband med rekneskapsavslutting og kjem fram 'dobbelt opp' både under 11 og 16.
2. Avviket skuldast hovudsakleg refusjon til Hallingdal Brann og redning, som dels er ført på 13 og dels på 14.
3. Sjå merknad 1. I tillegg er mva ført her.



ÅL KOMMUNE


4. Sjå fotnote 1. Det reelle avviket frå budsjettet skuldast hovudsakleg at husleigeinntekter på kommunale utelegebustader er om lag 1,2 mill. kr over budsjettet, og at aktiviteten på plansaker og oppmålingssaker har vore høgare enn budsjettet.
5. Mva-refusjon og sjukelønsrefusjon pluss inntekt frå sal av tenester til nabokommunar og tilskot frå staten til veterinærkortordninga.

REKNESKAP OG BUDSJETT FORDELT PÅ ANSVAR (ALLE SUMMAR I HEILE 1000 KR)

Ansvaret	Rekneshap	Budsjett inkl. endring	Avvik i NOK	Forbruk i %	Note
ALLE	60 158	59 139	-1 019	-1,69	
6000 Drift og utvikling	5 502	5 952	450	8,18	
6000 Drift og utvikling, utgifter	8 257	6 131	-2 126	-25,75	1
6000 Drift og utvikling, inntekter	-2 755	-179	2 576	-93,49	2
6010 Veg og park	10 868	9 954	-914	-8,41	
6010 Veg og park, utgifter	14 190	10 005	-4 185	-29,49	3
6010 Veg og park, inntekter	-3 322	-51	3 271	-98,46	4
6020 Utvikling	12 811	15 873	3 062	23,90	
6020 Utvikling, utgifter	22 364	21 920	-444	-1,99	5
6020 Utvikling, inntekter	-9 553	-6 047	3 506	-36,70	5
6030 Reinhald	13 631	14 083	452	3,32	
6030 Reinhald, utgifter	14 588	14 083	-505	-3,46	
6030 Reinhald, inntekter	-958	0	958	-100,00	
6040 Byggforvaltning	14 640	11 177	-3 463	-23,65	
6040 Byggforvaltning, utgifter	32 513	17 714	-14 799	-45,52	6
6040 Byggforvaltning, inntekter	-17 873	-6 537	11 336	-63,43	6
6050 Vedlikehald kommunale bygg	2 706	2 100	-606	-22,41	
6050 Vedlikehald kommunale bygg, utgifter	2 708	2 100	-608	-22,47	7
6050 Vedlikehald kommunale bygg, inntekter	-2	0	2	-100,00	

Merknadar til tabellen:

1. Utgifter til feiring er medrekna her.
2. Betaling for feienester er medrekna her.
3. 1,2. mill. kr utgjer intern fordeling på korrekt teneste og blir synleg 'dobbelt opp' fordi utgiftene blir fordelt på andre tenester og kjem att som inntekt. Overforbruk på om lag 920.000 kr i 2019 skuldast generell kostnadsauke utan kompensasjon, vaktordning med mange utrykkingar, ekstra utgifter med reparasjon av maskiner og mange kostbare utskiftingar av stikkrenner
4. Sjå over. I tillegg mva-kompensasjon.
5. Høgare aktivitet både på utgifts- og inntektssida. Høgare inntekter i plan- og oppmålingssaker.
6. 6,4 mill. kr utgjer intern fordeling på korrekt teneste og blir synleg 'dobbelt opp' fordi utgiftene blir fordelt på andre tenester og kjem att som inntekt. Det generelle overforbruket er på om lag 4 mill. kr og skuldast generell kostnadsauke; særleg på straum, utgifter til taxi (transport til dagsenter pga. at sjåfør har vore langtidssjukemeldt) og mange kostbare og naudsynte reparasjonar på bygg pga. alder og slitasje.
7. Sundrevegen 114 er fullt renoverert, og då det undervegs vart oppdaga alvorlege branntekniske manglar ved bygget, vart kostnaden høgare enn budsjettet.



ÅL KOMMUNE

SJUKEFRÅVÆR


Det legemelde sjukefråværet har vore uheldig høgt i byggforvalting, VAR og reinhald i 2019.

SÆRSKILDE HENDINGAR I 2019

- Utbygging av kulturhuset er så godt som ferdig
- Kjøpte grunn og starta planlegging av opparbeiding av næringstomter Wangen på Torpo
- Fleire kritiske punkt utbetra for å hindre flaumskader
- Akutt utbetring av muren ved Nedre-Ål skule som var i fare for å dette ned
- Trillhus bru er utbetra
- Fullrenovering av Sundrevegn 114 og 2, leilegheiter til miljøterapistenestene
- Nytt ventilasjonsanlegg ved Leveld skule og basseng
- Nytt ventilasjonsanlegg, utbetring av rømmingsveg og uteområde på den eldste delen ved Ål helsetun
- Utbygging av kommunal kloakk i Leveld er ferdig, og 55 nye hus er påkopla kommunal kloakk
- Bygging av kloakkledning frå Leveld til Sundre er påbegynt
- Reinhald har halde fram med effektivisering og innføring av standardar og nye hjelpemiddel
- Vedtak gjort om oppretting av felleskontor for spreidde avlaup og vassområde Hallingdal



Fleire kritiske punkt vart utbetra i 2019 for å hindre flaumskader. Her frå utbetringa av flaumløp Kvinda.




ÅL KOMMUNE

PLANAR OG SÆRSKILDE UTFORDRINGAR I 2020 OG TIDA VIDARE

- Halde fram med å styrke samarbeidet med frivillige og næringslivet for å utvikle Ål til ein endå betre kommune å bu i (bulyst-team og kommune 3.0-metodar).
- Slutføre utbygging av Ål kulturhus og samstundes kunne utføre eit forsvarleg vedlikehald og renovering av kommunale vegar, bruver og bygg for å ta att etterslepet som har bygt seg opp over mange år.
- Slutføre utbygging av kommunal kloakk for Leveldåsen og Votndalen innanfor vedtekne budsjett og tidsrammer
- Revidere kommuneplanen og få engasjement og eigarskap og ein god prosess politisk og i lokalsamfunnet

Nøkkeltal	2019	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011
Abonnentar vassverk	1383	1357	1344	1341	1327	1325	1298	1243	1231
Abonnentar kloakk	1979	1891	1858	1844	1805	1774	1713	1665	1627
Abonnentar renovasjon	5528	5448	5439	5361	5250	5016	4996	4908	4854
Abonnentar slamtøming	1895	1875	1852	1805	1788	1771	1687	1591	1478
Nye fritidsbustader	51	51	49	46	41	28	35	27	
Tal nye einingar leilighetsbygg	7	16	0	0	16	4	0	7	27
Tal nye bustader	7	4	8	5	8	9	16	18	27
Km merka stig	400	400	400	294	278	278	260	260	255
Km oppkøyrd skiløyper	430	430	430	436	440	440	440	410	400
Daa nydyrka	73,5	7	53	184	110	215	133	160	70
Sakshandsamingstid byggjesak		15-20	15-20	15-20	15-20	15-20	15-20	15-20	30
Sjølvkost % plan	40	66	56	60	76	(42) ¹	85	86	63
Sjølvkost % byggjesak	73	83	97	65	77	75	75	66	62
Sjølvkost % oppmåling	115	84	76	68	83	62	79	74	63
Km kommunale vegar	106	106	105	105	105	105	104	103,5	100

1) Aktivitetene var så låg at talet ikkje er representativt.



ÅL KOMMUNE

Hallingdal barnevernteneste

Lova si målsetting for barnevernet:

«Barnevernets hovedoppgave er å sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deres helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid. Barnevernstjenesten skal også bidra til at barn og unge får trygge oppvekstkår.»

HALLINGDAL BARNEVERNTENESTE

Hallingdal barnevernteneste er eit vertskommunesamarbeid etter kommunelova § 28 b, og Ål kommune er vertskommune. Tenesta har ca 30 tilsette fordelt på 26,8 årsverk. Tre stillingar er finansiert med øyremerkte midlar frå Fylkesmannen.

Tenesta er lokalisert i «Familiens hus» på Sundre. Det er i fleire år meldt om behov for å utvida areal, då talet på tilsette har auka sidan etableringa i 2011. Barnevernreformen som innførast fram mot 2022 vil utløyse behov for ytterlegare areal. Det har heller ikkje i 2019 lykkast å kome i gang med utviding av lokala.

Det er andre som sender bekymringsmelding kring enkeltbarn til barnevernet. Dette gjer at det er lite høve til å styre arbeidsmengde, tal på saker, kompleksitet i sakene og kostnader det vil medføre, i forkant. Barnevernet sitt lovverk set store krav til saksbehandling og fristar, og tenesta blir vurdert ut frå tal på avvik. Det er etablert gode rutinar for internkontroll som vert gjennomført fire gonger pr.år.

ØKONOMI:

Administrasjon og fellesutgifter vert fordelt etter fordelingsnøkkel mellom kommunane. Utgifter knytt til konkrete barn og familiar vert kostnadsført på den kommunen der barnet høyrer heime.

Hallingdal barnevernteneste har brukt 5,11% mindre enn budsjett i 2019.

Dette utgjer eit mindreforbruk på ca. kr. 2.850.000.


Det vil vera kommunevise forskjellar frå år til år. For Ål kommune viser rekneskapen eit mindreforbruk på kr 1,5 mill mindre enn budsjettet. Dette handlar om kostnadskrevjande enkeltsaker som har endra status gjennom året.

PERSONAL:

Det har gjennom fleire år vore høgt sjukefråvær i barnevernet, noko som også gjeld på landsbasis. 2019 har vore eit spesielt krevjande år på personalsida, med sjukefråvær, turnover, og vakansar. Fleire medarbeidarar har slutta, og mykje kompetanse forsvinn ut. Det er utfordrande å rekruttere medarbeidarar med både relevant utdanning og erfaring frå barnevernsarbeid. Det tek tid å bygge opp att kompetanse som er borte. Med begrensa ressursar er det mindre kapasitet til å gje god nok opplæring og kompetanseheving.

Oversikt over sjukefråværet dei siste åra viser ein liten nedgang også for 2019:

2015:	20,3 %
2016:	11,4 %
2017:	10,7 %
2018:	10,4 %
2019:	10,1%



ÅL KOMMUNE

BARNEVERNREFORMEN:

Det vil skje store endringar på barnevernsfeltet i åra framover. Barnevernsreforma vil tre i kraft i 2022.

Målet er at endringar i barnevernet skal bidra til at fleire utsette barn og familiarer får den hjelpe dei treng på eit tidleg tidspunkt.

- Kommunane skal styrke arbeidet med tidleg innsats og førebyggjing
- Hjelpa skal bli betre tilpassa barn og familiarer sine behov
- Rettstryggleiken til barn og familiarer skal verte godt ivareteke
- Ressursbruken og oppgåveløysinga i barnevernet skal bli meir effektiv

Kommunane vil få meir ansvar for barnevernet, både fagleg og økonomisk. Dette stiller krav til leiinga i barnevernet, til kommunen si styring av barnevernet og til det samla familiestøttande arbeidet. Det inneber og eit stort kompetanseløft i barnevernet, som ein må ta høgde for i vidare drift.

MÅLOPPNÅING:

Hallingdal barneverneneste har hatt heil eller delvis måloppnåing på fleire område. For meir utdjuping av dette, sjå eiga årsmelding for Hallingdal barneverneneste.

Målsettingar for 2019:


- Barnet i fokus
- Fokus på barnevernreformen og ruste tenesta til å møte krava som kjem
- Auke antal stillingar
- Sjå på organiseringa av tenesta, spesielt med tanke på leiarnivå og teamdeling
- Fokus på styrking av leiargruppa - oppfølging og ivaretaking av tilsette og fokus på utviklingsarbeid og leiing
- Fokus på ivaretaking av tilsette for å førebygge sjukefråvær og turnover
- Lage ein plan for kompetanseheving i tenesta, i tråd med statlege føringer
- Fokus på god økonomistyring – i alle ledd
- Fokus på lovkrav, unngå fristoverskriddingar og andre avvik – oppfølging av internkontroll
- Avklare ansvarsforhold og økonomi ved sektorovergripande tiltak
- Fullføre sakshandsamingsløftet
- Auka bruk av familieråd og nettverksarbeid
- Ei vidareføring av verdiprosessen – fokus på våre verdiar

Det er kommunane som skal drive førebyggande barnevern, ikkje berre barnevernet sjølv. Den beste måten å førebygge aukande kostnadene i barnevernet på, er å styrke det kommunale tenesteapparatet slik at dei har ressursar og kompetanse til å hjelpe barn og familiarer som treng det så tidleg som mogeleg, og på eit så lågast mogeleg nivå.

Det er, ikkje minst, det beste for barna og familiene det gjeld.

«EIN GOD OPPVEKST VARAR I GENERASJONAR»

For meir utdjupande informasjon rundt drifta av Hallingdal barnevern i 2019, sjå eiga årsmelding.



ÅL KOMMUNE

LOKALSAMFUNN

Kulturkommunen


Arbeidsåret 2019 har vore eit travelt år for alle. Utbygging av det nye Ål kulturhus har vore i godt driv gjennom året. Dei fyrtse avdelingane vart opna i august: biblioteket, frivilligsentralen og Rolf Nesch-museet.

Avdelingane på huset jobbar tett saman og har fokus på styrka samhandling og vertskap på tvers av avdelingane. Sommarfest og FN-dagen er fine nyskapingar som følgje av sameksistens på huset. Desse opplevingane gir oss ein god peikepinn på kva me har i vente når huset no er ferdigstilt og i full drift!

Den største utfordringa i kommande økonomiplanperiode blir å drifte eit godt og funksjonelt tilbygg til Ål kulturhus innanfor ei stram økonomisk ramme.

Rekneskap og budsjett for 2019 (tal i heile 1000)


Ansvar 5000 Kultur	Rekneskap 2019	Budsjett 2019	Avvik (kr)	Rekneskap 2018
Løn inkl. sosiale utgifter	9 197 555	9 583 500	-385 945	8 657 159
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal produsjon	4 631 890	2 871 000	1 760 890	4 914 495
Kjøp av varer og tenester som erstattar communal produkjon	18 496	24 000	-5 504	0
Overføringer	1 954 207	1 597 000	357 207	2 306 599
Finansutgifter	547 986	0	547 986	595 300
Salsinntekter	-3 910 149	-2 989 000	-921 149	-4 325 350
Refusjonar	-1 409 739	-598 000	-811 739	-811 355
Overføringer	-1 324	0	-1 324	-1 189
Finansinntekter	0	0	0	-29 011
Ansvar: 5000 Kultur	11 028 922	10 488 500	¹⁾ 540 422	11 306 648




ÅL KOMMUNE

- 1) Eit overforbruk på 540 000 kr skuldast for stramme driftsbudsjett på Ål kulturhus: tapte husleigeinntekter og auka driftsutgifter. Ål kulturhus har ei detaljert årsmelding 2019 for dei som ynskjer å lesa. Det er ikkje samsvar mellom budsjett og samfunnsoppdraget huset har. Budsjett, drift og programmering for Ål kulturhus vert tema på strategikonferansen til SUKO, april 2020.

Ål kommune held på pallplassen på Kulturindeksen for 2019!! Dette er ei fantastisk plassering, og Ål kommune vert vurdert som ein tydeleg og markant kulturkommune i Buskerud og nasjonalt. Denne posisjonen krev at me brukar tid på å møte sentrale aktørar i nye Viken.






ÅL KOMMUNE

KULTURKONTORET

- Arbeidet med utbygging av kulturhuset har vore sentralt i 2019. Svært mykje tid går med til å byggje arbeidslaget og samhandling mellom nye avdelingar.
- Rulleringa av Kulturplan for Ål vart politisk handsama i juni 2019.
- Rulleringa av Målbruksplan for Ål vart politisk handsama i april 2019.
- Leveld lefsebakeri fekk Kulturprisen i 2019.
- Ungdomsstipend: Isak Emil Anthun, for sitt talentfulle spel på el-bass, og Mari Torsteinsrud for gode resultat i skiskyttarløypene.
- Mange møte med fylkeskommunen og med SPRANG, på nasjonalt nivå. Stendig arbeid for å sikre SPRANG sin posisjon i Viken i nærmeste framtid.
- Kulturminnevern: Faglege avklaringar knytt til restaurering av loftet «Kastebue» og konservering av eit eksemplar av Fredrik 2. sin bibel som Ål kommune fekk i gave i 2018.
- Ein oppgang i deltaking på kulturvandringa grunna marknadsføring via Facebook i regi av Ål turistinformasjon. Me vidarefører tiltaket, med ny optimisme knytt til nye lokale på kulturhuset.






ÅL KOMMUNE

Frivillig kulturliv i Ål:

- Idretts- og arrangementskoordinator Tore Bøygard gjekk av med pensjon i juni 2019. Ny kultur- og idrettskonsulent Kristine Kapperud blei tilsett i august 2019.
- Oppretta nyheitsbrev til alle innanfor idrett, kultur og arrangement hausten 2019, med gode tilbakemeldingar.
- Arbeidet i Ål Idrettsråd er veldig bra. God kontakt med klubbar og lag. Også kontakt med skyttarlaga.
- Ny samarbeidsavtale mellom Ål Idrettsråd og Ål kommune 2020-2023 er signert.
- Spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet:
Det kom inn sju søknadar om spelemidlar i 2019, av dei var to fornya søknadar frå førre år.
Det er gitt signal om at fleire nye anlegg kjem til å söke spelemidlar i 2020.
- Liatoppen Skisenter blei tildelt spelemidlar til elektroniske skyteskiver i 2019.
- Offentleg bading på Nedre-Ål blir realisert i 2020.
- Styret i Ål Musikkråd gjer et godt arbeid. Blant anna handsamer dei søknader til musikalske arrangement og produksjonar av musikk. Til saman 90.500 kr i 2019.
- Det er i 2019 arrangert 16 store arrangement, deriblant NM i skiskyting på Liatoppen.
Arrangementa held høg kvalitet og har mange besökande. Dette krev stor bruk av frivillige.

På Ål kulturhus har året vore prega av rydding, flytting og utprøving av nye lokale og fasilitetar. Alt arbeidet har føregått medan huset har vore ope for publikum. Me takkar publikum og tilsette for pågangsmot og optimisme i byggeperioden! Intern samhandling og nytenking har prega arbeidet.






ÅL KOMMUNE

Eksterne tilskot til nysatsingar til avdelingar på Ål kulturhus i 2019:

Tilskotsordning	Tenester som søker	Tiltak/målgruppe/tidspunkt	Tilskotssum kr
Sparebankstiftelsen gjensidigestiftelsen	Frivilligsentralen (2018)	Utsyrrssentral BUA	200 000 400 000
Dighjelp	Frivilligsentralen og biblioteket	Datahjelp – digitale rettleiingspunkt	50 000
Elkjøpfondet	Frivilligsentralen	Datautstyr til datahjelp	20 000
Sparebankstiftelsen DNB	Kulturskule/ Innvandartenesta	«Kulturmagi»	150 000
Sparebankstiftelsen DNB	Biblioteket	Interiør i barneavdeling	420 000
Gåveforsterking, kulturdepartementet	Biblioteket	Interiør i barneavdeling	105 000
Allmenn kultur- BFK	SPRANG	Vidareføre delstilling prosjektleiar + utvikle forretningsidé (2019-2021) x 3 år	200 000
Allmenn kultur- BFK	SPRANG	Opningsforestilling	100 000
Kulturdepartementet	Frivilligsentralen	Drift ungdomsfrivilligsentral	400 000
Nasjonalbiblioteket	Biblioteket	Bokåret 2019	45 500
Totalsum for 2019			2 090 500

ÅL KULTURHUS

Gjennom heile 2019 har Ål kulturhus vore under ombygging, og på tampen av året flytta dei siste nye brukarane inn på huset. I dei gamle kontorlokala til Ål kulturhus kan me no dagleg ta imot elevar ved vaksenopplæringa, medan tilsette frå alle avdelingar ved Ål kulturhus har flytta inn i ny administrasjonsfløy. Det nye biblioteket er ope frå morgon til kveld, der besøkande kan hjelpe seg



ÅL KOMMUNE

sjølve når dei tilsette ikkje er til stades bak skranken. SPRANG og nye dansesalar er ferdig til jubelrop frå kulturskulen og andre aktørar som skal nytte seg av lokala i framtida.


Ål kulturhus sitt driftsbudsjett er ikkje justert på mange år, og er ikkje i samsvar med auke i prisar eller endring av husets verksemd. Det kan ikkje forventast større billettinntekter ut frå samfunnsutvikling og busetting. I fråvær av tidlegare leidgetakrar er huset no i bruk av nye kommunale avdelingar, blant andre vaksenopplæringa og frivilligsentralen. Kulturhuset sine budsjett vart i 2020 styrka med 135.000 kr, medan sparte driftsutgifter på gamle Doktor'n og husleige for frivilligsentralen er kommunale innsparingar.

Særskilde hendingar i 2019:

- ✓ Ferdigstilling av bygg. Totalkostnad på prosjektet er 56,7 mill. kr eks. mva.
- ✓ SPRANG Landsdelsscene for dans
- ✓ Framleis styrke kulturhuset si rolle som produsent og initiativtakar – lokalt og regionalt

Det er viktig å få auka fokus på kulturhuset si rolle og funksjon i det lokale og regionale kulturlivet. Kulturplanen for Ål er eit dokument som set kulturhuset inn i ein større samanheng og klargjer kva rolle kulturhuset skal ha. I samband med vidareutvikling av kulturhuset er fokuset på å byggje opp huset som eit lokalt og regionalt kompetansesenter for kulturbaserte aktivitetar og arrangement stort. Det er avgjerande at det er handlingsrom innanfor kulturhuset sine økonomiske rammer til å ta initiativ og ansvar for gjennomføring av prosjekt som er retta mot det lokale og regionale kulturlivet.





ÅL KOMMUNE

ÅL BIBLIOTEK

I august 2019 flytta Ål bibliotek inn i nye, flotte lokale. 17. august vart det opningsfest for biblioteket, frivilligentralen og Nesch-museet med over 300 til stades.

Biblioteket hadde 5,8 utlån i året pr. innbyggjar i 2019 og heldt seg nesten på det same høge nivået som i 2018. Dette er bra, då trenden på landsbasis er at utlånet går ned. Besøket i det nye biblioteket er heilt klart høgare enn i det gamle, men det er per i dag vanskeleg å telle besøk i den nye, opne løysinga.

Biblioteket har hatt 10 ulike kulturarrangement for både barn og vaksne gjennom året, med til saman godt over 700 deltakarar. Alle arrangementa i biblioteket har hatt gratis inngang.

I 2019 vedtok Sektorutval for kultur og oppvekst (SUKO) ein samarbeidsplan mellom Ål bibliotek og skulane i Ål. Planen legg eit løp for tilbodet frå biblioteket til kvart klassetrinn, med klassebesøk i biblioteket, bokpresentasjonar på skulane og ulike prosjekt på dei ulike trinna.


Frivilligentralen og biblioteket har utvida samarbeidet i 2019 med tilbodet «Datahjelpa», som er ope for publikum til faste tider to dagar i veka. Biblioteket har også hjelpt til med oppstarten av utstyrssentralen BUA, som nyttar biblioteksystemet til å halde oversikt over utstyr og utlån.

Biblioteket har søkt om og fått tildelt ekstern støtte til fleire prosjekt i 2019, sjå matrise i først avsnitt. 110.000 kr av lønsmidlane frå den ledige stillinga vart i 2019 disponert av Ål kulturhus for å lønne ei lita prosjektstilling i SPRANG. Resten av lønsmidlane er brukt dels til å dekke drift ved biblioteket og dels til investering i interiør. Drifta på biblioteket er på denne måten innanfor budsjettramma.

Driftsbudsjettet til biblioteket vil bli ei særleg utfordring i tida framover. Dei siste åra har lønsmidlar frå vakanse blitt brukt for å dekke opp mangel på midlar til drift i biblioteket.

Driftsbudsjettet (utanom løn) er i dag på same nivå i kroner og øre som i 2005.






ÅL KOMMUNE

ÅL BYGDEARKIV

- ✓ Frivillige stiller framleis opp som arbeidshjelp og rettleiarar for publikum torsdagane. Dei held også bygdearkivet ope laurdagar.
- ✓ Bygdearkivet får kvar veke ulike førespurnader frå publikum, også frå personar langt utanom Ål. Utanbygds frå er det spørsmål om slekt og særleg bilet av spesifikke personar eller gardar. Arkivet får elles besøk av folk som ser etter arkivstoff til ulike formål. Talet på førespurnader totalt har gjennom åra lege mellom 100 og 150.
- ✓ Bygdearkivet tok imot 16 nye arkiv eller tilvekstar til arkiv i 2019. Olav Oppsato held oppe kanalen som han og Sigbjørn Tormodsgard oppretta med «Gamle Aal» og tek stendig imot bilet frå privatpersonar i kommunen.
- ✓ Bygdearkivet tok imot 4 bøker/skriftlege oppgåver i 2019.
- ✓ Disponibel saldo for Ål bygdearkiv per 31.12.19 var 106 499 kr. Dagleg leiar vert lønna av kommunen.
- ✓ Me har digitalisert brorparten av dei negativ-baserte bileta i bletsamlinga.
- ✓ I 2018 imøtekom me ein førespurnad frå Hol bygdearkiv om å hjelpe til med digitalisering av bletsamlinga dei har etter fotograf Sigvat Tveito, og det er no digitalisert 1200 bilet. Olav Oppsato tek også mot bilet for skanning og registrering.

UTFORDRINGAR I KULTURSEKTOREN I 2020

- ✓ Ferdigstille prøvedrift og rette opp manglar på nybygg Ål kulturhus. Siste trinnvise innflytting.
- ✓ Den største utfordringa i kommande økonomiplanperiode blir å drifta eit godt og funksjonelt tilbygg til Ål kulturhus innanfor ei stram økonomisk ramme.
- ✓ Vidareføre og styrke samhandling og vertskap på tvers av avdelingane på huset.
- ✓ Utvikling av innhaldet i SPRANG Landsdelsscene for dans; jobbe med ekstern finansiering av drift og innhald.
- ✓ Kafédrift på huset; utvide samarbeid med eksisterande kafé og/eller få til ei lita drift på kulturhuset.
- ✓ Kulturplan 2019-2025: jobbe med å setja i verk politisk vedtekne tiltak.
- ✓ Målbruksplan: gjennomføre tiltak for å styrke klart språk og nynorsk blant tilsette i Ål kommune.
- ✓ Oppretthalde god dialog med det frivillige kultur- og idrettslivet. Sende ut to årlege nyheitsbrev.
- ✓ Kulturvandringa i Ål sentrum; revitalisere tiltaket - kva kan me gjera for å auke deltaking?
- ✓ Kartlegge alle kulturlokale i Ål kommune.
- ✓ Ferdigstille konservering av Fredrik 2. sin bibel og få denne stilt ut i Stavkyrkjemuseet.
- ✓ Frå vår 2021 må kulturhuset bytte ut dagens kinosystem. Dette vil medføre ein kostnad per sal på mellom 500.000 og 1.000.000 kr. Investeringa er naudsynt for å kunne halde fram med å vere ein tilbydar av kino.




ÅL KOMMUNE



Bilete:

1. Prisvinnarane 2019
2. NM i skiskyting på Liatoppen
3. Flytting av bibliotek
4. Dans jenter
5. Opning bibliotek
6. Solveig Vestenfor og Viken; «kulturell nettverking»



ÅL KOMMUNE

Folkehelse

Livskvalitet og trivsel handlar mellom anna om arbeid, inntekt, bustad og fritidstilbod. Og mest av alt handlar det om korleis me har det i kvarldagen. Ål vil arbeide for å styrke folkehelsa og medverke til at einskildmennesket meistrar kvarldagen sine krav. Alle skal bli sett og ta sin del av ansvaret for eit inkluderande og levande nærmiljø.

Der er mange tiltak i Ål kommune som bidrar til god folkehelse. Her er eit lite utval for 2019.


Folkehelsegruppa i Hallingdal


Folkehelsegruppa og UngInvest AIB Hallingdal har fått midlar frå nasjonalt program for folkehelsearbeid til spreiling av styrkebaserte strategiar og metodeverktøy. Metodane som UngInvest brukar i sitt arbeid skal styrke ungdom si sjølvkjensle og meistring og gjera dei klare for arbeidslivet. Målet er å etablere eit systematisk samarbeid mellom UngInvest AIB, grunnskular, lag og organisasjonar som arbeidar med barn og unge, og bidra til å spreie dei styrkebaserte strategiane og metodeverktøya.

Pilotundersøkinga om livskvalitet i Hallingdal - «Koss har du det?», som blei gjennomført våren 2019, er nyttig som statistikkgrunnlag for kommunen si folkehelseoversikt.

Bulyst i Ål

Det er eit overordna mål at *fleire innbyggjarar på tvers av generasjonar vert engasjert i lokalmiljø og frivillig arbeid*. Prosjekt bulyst i Ål var del av innovasjonsløftprogram i Hallingdal hausten 2019. Bulystprosjektet er ein del av kommunen si satsing på samskaping og innbyggjarinvolvering med mellom anna gredemøter og tilflyttartreff. Prosjektet med tverrfagleg prosjektgruppe held fram i 2020.





ÅL KOMMUNE

Frisklivssentralen

I tillegg til faste økter med fysisk aktivitet samarbeider frisklivssentralane i Hallingdal om både søvnkurs, bra mat-kurs og kurs for dei som vil slutte med røyk eller snus. Tabellen viser deltaking i friskliv.

	2015	2016	2017	2018	2019
Nye frisklivsreseptar	62	77	70	72	57
Tal på bra mat-kurs (tal på deltakarar)	3 (27)	1 (11)	1 (5)	1 (21)	2 (15)
Individuell kostrettleiing	16	14	10		5
Røykesluttkurs/rettleiing, deltakarar	1	5	1	0	0
Deltakarar «Aktiv ung»	17	17	38	50	41

Aktiv ung vert drifta av Frisklivssentralen med midlar frå Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir). Aktiv ung har hatt aktivitet gjennom skuleåret i tillegg til ei veke i sommarferien.

ALLEMED

Eit verktøy for felles bevissthet for kommunen og lag og organisasjonar om korleis me saman kan få ALLEMED i fritidsaktivitet. Ungdomsarbeidaren er ALLEMED-koordinator. Elevar i 5.trinn får spørsmål om deltaking i fritidsaktivitet i elevsamtala, for å kartlegge eventuelle behov for oppfølging av ALLEMED-koordinator. ALLMED er presentert som verktøyet for leiarar i alle idrettslag i Ål.

Utlånssentralen BUA blei offisielt opna i desember. BUA har fått midlar frå Sparebank1 og Gjensidigestiftelsen. Ungdomsfrivilligcentralen driftar BUA.


Ål52 - 10 turfavorittar

10 turfavorittar held stand som samarbeidsprosjekt mellom Ål Utvikling AS, Ål IL O-gruppa og Ål kommune. Ål turlag er medarrangør på kick-off i juni. Alle tilsette i kommunen fekk turkort i gave også i 2019.

Sentrumsutvikling og Elvelangs

Ål kulturhus er i større grad nytta som samlingsplass og «storstugu» etter utbygginga, og er eit viktig bidrag til overordna mål om eit *inkluderande og levande nærmiljø*. Arbeidet med uteområdet ved kulturhuset held fram i 2020.

Prosjekt *Elvelangs* er under arbeid. Prosjektet er eit særskilt folkehelsetiltak og eit døme på kva eldsjeler og kommunen kan få til saman. Fyrste del av turstigen med universelt utforma fiskeplass er forventa klar i juni 2020.



ÅL KOMMUNE

Næringsutvikling

Strategisk næringsplan

Ål kommune har ein strategisk næringsplan som styringsverktøy for ein heilskapleg næringspolitikk. I gjeldande plan definerer Ål kommune rolla si til å være ein tilretteleggjar, samarbeidspartner og støttespelar. Ål kommune vektlegg at næringslivet i Ål bidreg til å skape både nye og eksisterande, trygge arbeidsplassar, nyttar ny teknologi, nyttar forsking, utvikling og kompetanse, er aktive innan næringssamarbeid lokalt og regionalt, bidreg positivt til profil og omdømmebygging og satsar på lokalproduksjon. Planen peikar ut fire næringar som er spesielt viktige for kommunen: kultur og kreative næringar, reiseliv og fritidsbustader, helse og omsorg og landbruk. Planen skal reviderast i 2020.

Næringsareal


Det har over lengre tid vore ei utfordring for Ål kommune å kunne tilby næringsareal i samsvar med etterspørsel frå bedrifter som skal utvide eller nyetablere seg. Næringsareal var difor eit viktig tema i arbeidet med ny kommunedelplan for Sundre. Ål kommune fekk i 2019 eit tilbod om å kjøpe campingen på Torpo (Wangen) samt nærliggande areal. Kommunen utviklar no byggjeklare næringstomter til bruk i 2020.

Utviklingsprosjekt

- **«Tråkk'n Roll»:** Det er sett i gang ei storstilt satsing på terrengsykling i Hallingdal gjennom prosjektet «Tråkk'n Roll». Ål ser eit stort potensial i denne satsinga, då utvikling av terrengsykkelpunktet vil være eit viktig bidrag til sommarreiselivet og eit viktig trivselsprodukt for bulyst. Prosjektet har utløyst betydelege summar i regional og statleg finansiering. For å henge på denne utviklinga lokalt, vart det oppretta eit «Tråkk'n Roll Ål» i regi av Ål Utvikling. Ål kommune deltek aktivt i dette arbeidet. I 2019 ble det dannar eige SA (Samvirkeforetak) for vidareføring av jobben. Styret består av destinasjonsselskapa i Hallingdal.
- **«Ny giv i landbruket»:** Dette er eit samarbeidsprogram mellom landbruksorganisasjonane og Ål kommune som har som mål å auke matproduksjonen i kommunen med 1 % i året fram til 2030.
- **Regionalt samarbeid:** Næringsutviklar har hatt stort fokus på regionalt næringssamarbeid i 2019.
- **Bulyst og blilyst:** Næringsutviklar er med i eit team som jobbar med bulyst og blilyst. Teamet har blant anna deltatt på Innovasjonsløft hausten 2019.
- **Næringsareal:** Næringsutviklar er prosjektleiar for utvikling av Wangen næringsareal.

Næringsfondet

Ål kommune har i 2019 brukt ca. 1,7 millionar kroner frå Næringsfondet til støtte til næringsaktørar innanfor mange forskjellige næringar, både til nyetablerarar og eksisterande bedrifter og til fleire utviklingsprosjekt.



ÅL KOMMUNE

Folketal og bulyst

Folketalet gjekk opp med 15 frå 2019 til 2020 (frå 4 671 pr. 1. januar til 4 686 pr. 31. desember). Fødselsoverskotet er framleis negativt, men netto innflytting var positiv. Det er framleis grunn til å uroe seg over at fødselstalet går ned, sjølv om 2019 vart eit betre år enn tidlegare.

Salet av tomter i det sentrumsnære Kolbotn-feltet har gått unna. Sidan feltet var ferdig i 2014 har det vorte selt 20 tomter, medan 13 er ledige. På Torpo er det ikkje selt kommunale tomter i 2019, og 17 tomter er ledige. Det same gjeld Gunnarhaugen (Leveld), der det no er 14 ledige tomter. I Vats bustadfelt vart det selt om lag ei tomt i året, og no er alle selde. I Votndalen bustadtomt har me ikkje selt tomter dei siste åra, og fire er ledige. I det private Haugen bustadfelt er det starta byggjing av eit nytt hus i 2019.

Utbyggjing av bustader på Hago (Hago gard) har starta opp.


For å sikre tilgangen på bustadhus vert det følgt opp at bustadhus framleis vert brukt som heilårsbustad i samband med eigedomsoverdraging.

Det er arbeidd med prosjekt bu- og blilyst i Ål, med mellom anna med følgjande aktivitetar:

- Kartlegging av behova hjå nytiflytte
- Sosiale treff for nytiflytte
- Bulystmøter på Torpo, i Nordbygdene og på Sundre; har resultert i oppretting av grennautval/bulystgrupper/velforeningar som planlegg tiltak i lag med representantar frå kommunen



Stort engasjement på bulystmøte på Torpo.



ÅL KOMMUNE

ØKONOMI

Resultat og avvik

Ål kommune har hatt store investeringar i 2019. Næringsstomter på Wangen i Torpo, kulturbygg og overføringsleidning i Votndalen er dei tre største. Driftsutgifter aukar i tak med store investeringar. Kraftinntektene har vore på et bra nivå i 2019, og kommunen brukar kraftutbytte for å betale renter og avdrag.

Det vart vedteke nye lån for anleggsmiddel i 2019 på 118,5 mill. kr. Betalte avdrag på gjelda utgjer 15,8 mill. kr og kommunen vurderer kontinuerleg ekstraordinær nedbetaling på dei dyraste låna. Likviditeten er framleis tilstrekkeleg til dei laupande forpliktingane.

Langsiktig og bokført renteberande gjeld utgjer pr. 31.12.2019 440,2 mill. kr. I tillegg kjem lån hjå Husbanken på 45,1 mill. kr.

Eigedomsskatteinntekter er på 35,9 mill. kr. Dette er 0,6 mill. kr meir enn budsjettet.

Finansutgiftene består i hovudsak avdrag på lån og renteutgifter. For 2019 utgjer desse 24,5 mill. kr. Dette er 1,9 mill. kr meir enn for 2018.


DRIFTSRESULTAT FOR ÅL KOMMUNE

Netto driftsresultat er eit mål på kva kommunen sit att med av dei årlege driftsinntektene etter at driftsutgifter og finansutgifter er betalt. Netto driftsresultat er difor sentralt i vurderinga av kommunen sin handlefridom og er ein primær indikator for økonomisk balanse.

Ål kommune hadde eit positivt netto driftsresultat i 2019 på 17,1 mill. kr, mot 22,3 mill. kr i 2018.

Det er ein vesentleg reduksjon og utgjer 2,8 % av samla driftsinntekter. Fylkesmannen tilrår at netto driftsresultat bør utgjere minimum 1,75 % av driftsinntektene, avhengig av nødvendige avsetningar og investeringar. Ein buffer er nødvendig for å kunne takle svingingar på både inntekts- og utgiftssida.


Brutto driftsresultat syner inntekter ein sit att med etter at alle driftsutgifter, også avskrivinger (verdijustering for elde og slitasje), er dekka.



ÅL KOMMUNE

Resultatmål (tal i mill.kr)	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Brutto driftsresultat	-2,2	-6,6	11,1	-16,5	-15,1	-24,2
Netto driftsresultat	9,2	4,6	18,8	6,8	22,3	17,1
Samla driftsinntekter	538,6	529,1	571	587,7	605,1	619,7
Samla driftsutgifter	540,8	535,6	559,9	604,3	620,2	643,8
Brutto resultatgrad (%)	-0,4	-1,2	1,9	-2,8	-2,4	-3,8
Netto resultatgrad (%)	1,7	0,8	3,3	1,2	3,7	2,8
Meir (-) / mindreforbruk	0,4	9,4	11,4	12	26,5	19,4

*Resultatgrad måler resultat i prosent av samla driftsinntekter.




Kommunale investeringar

Kommunen har hatt eit svært høgt investeringsnivå dei siste åra. I 2019 blei det investert 99,5 mill. kr. Beløpet er inkludert lån og forskotering.



Behovet for å finansiere investeringar og utbygging med låneopptak aukar i takt med investeringane. Dette inneber høgare finanskostnader (renter og avdrag). I 2019 vart det selt tomter og andre driftsmidlar til ein verdi av 3,4 mill. kr.

Det er ein god del prosjekt som ikkje vart ferdig i 2019, og arbeidet må halde fram i 2020. Det er 40 mill. kr som er ubrukt budsjetttramme på investering. Eigen sak med fullstendig oversikt kjem til politisk behandling i juni.

Disposisjonsfondet vart ytterlegare styrka med 24,7 mill. kr i 2019, men det vart også brukt 8,3 mill. kr gjennom politiske vedtak. Det er svært viktig for Ål kommune å byggje eit solid disposisjonsfond.
Saldo på fondet pr. 31.12.2019 utgjer 65,5 mill. kr.




ÅL KOMMUNE



Utvikling av inntekter og utgifter

AVVIK FRÅ BUDSJETTRAMMA

Kommunen vedtek budsjettet på nettorammer, det vil seie eit kronebeløp som kan nyttast utover det budsjettområdet sjølv tek inn i inntekter. Åleg budsjetttramme er avhengig av kva ein ventar av inntekter på avdelingsnivå (gebyr, brukarbetaling, refusjonar og tilskot) og på kommunenivå (skatt og rammetilskot).



ÅL KOMMUNE

Tabellen syner regulert nettobudsjett opp mot faktisk nettoforbruk på dei største budsjettområda.

Tal i 1000 kr

Budsjettområde	Rekneskap	Netto budsjetttramme	Avvik	Kommentar
Administrasjon og fellesnester	41 566	43 300	1 734	Mindreforbruk
Oppvekst	111 902	113 075	1 173	Mindreforbruk
Helse og sosial	135 654	135 338	-316	Meirforbruk
Kultur	11 019	10 488	-531	Meirforbruk
Teknisk	60 611	59 374	-1 237	Meirforbruk
Finans (renter og avdrag)	24 537	25 600	1 063	Mindreforbruk

UTVIKLING I FRIE INNTEKTER

Ordinære skatteinntekter (personskatt) og rammetilskot utgjer dei frie inntektene. Beløpet kjem som overføring frå staten og er utrekna på bakgrunn av skatteinntektene i kommunen og særskilde utgiftskriterier.

Skatteinngangen i 2019 utgjer 146 mill. kr, og det er 5,8 mill. kr meir enn budsjettet. Rammetilskotet utgjer 152,5 mill. kr og er 1,4 mill. kr høgare enn budsjettet. Netto samla inntekt frå skatt og rammetilskot er dermed 7,2 mill. kr meir enn budsjettet. Netto auke i 2018 var til samanlikning på 2,9 mill. kr. Kommunen har likevel ei stabil og god utvikling av dei frie inntektene. Dette gir handlefridom og gjer heilskapen i planlegginga betre.


Frie inntekter	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Skatteinntekter	112 935	119 963	129 347	138 427	141 581	146 024
Rammetilskot	143 128	139 624	144 947	145 574	145 033	152 534
Sum	256 063	259 587	274 294	284 001	286 614	298 558
Frie inntekter i % av driftsinntekter	47,70 %	49,10 %	48,00 %	48,32 %	47,36 %	48,18 %
Skatteinntekter pr innb.	23 841	25 432	27 410	29 334	30 311	31 242
Frie inntekter pr innb.	53 806	55 102	58 125	61 398	61 360	63 876

UTVIKLING I BRUTTOUTGIFTER

Sjølv om budsjett og rekneskap har eit fokus på nettoramme og nettoforbruk, er det viktig at me også følgjer utviklinga på dei samla bruttoutgiftene og -inntektene. Medan netto ramme seier noko om budsjettområdet sin del av kommunen sine frie inntekter, seier brutto utgifter noko om det totale pengeforbruket og størrelsen på aktiviteten.

Budsjettområde	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Admin/felles	81,5	92,7	92,8	98,1	104	104
Oppvekst	129,4	137,3	144,5	147,9	152,1	159,3
Helse og sosial	148,4	150,5	160,3	176,6	203,1	209,9
Kultur	16,2	15,0	15,5	17,9	16,5	16,5
Teknisk	107,6	108,5	113,6	101,4	113,2	118,7

Tabellen syner utvikling i bruttoutgifter på dei ulike budsjettområda før avsetningar. Flytting og endring av budsjetteiningar og struktur gjer at direkte samanlikning frå år til år ikkje alltid er relevant. (Tal i mill. kr).



ÅL KOMMUNE

Fond og gjeld

Netto lånegjeld er definert som langsiktig lånegjeld eksklusiv pensjonsforpliktingar fråtrekt utlån og ubrukte lånemidlar.

Ein kommune sin økonomiske handlefridom bør ikkje bedømmast berre ut frå nivået på lånegjelda. Netto driftsresultat og disposisjonsfond er også vesentleg når ein skal vurdere kommunen sitt økonomiske handlingsrom.

Nye låneopptak i 2019 utgjer 122,5 mill. kr. Dette er lån til eigne investeringar på 118,5 mill. kr og lån til vidareformidling av startlån på 4 mill. kr. Kommunen betalte avdrag på 17,9 mill. kr. Saldo på lån i balanse pr. 31.12.2019 utgjer 485,1 mill. kr. Netto auke i gjelda frå 2018 til 2019 er 104,5 mill. kr.

Ubrukte lånemidlar pr. 31.12.2019 utgjer 52,8 mill. kr og utlån 35,6 mill. kr. **Justert netto lånegjeld er 396,6 mill. kr.**


KS definerer ei gjeldsbelastning på mellom 65 og 75 % av driftsinntektene som moderat gjeld. Ål kommune har ved utgangen av 2019 ei netto lånegjeld på 64 %.

Balanse	2019	2018
andre lån	485 123 084	380 542 006
ubrukte lånemidler	52 848 517	22 689 857
utlån	35 666 052	38 168 348
netto lånegjeld	396 608 515	319 683 801
netto lånegjeld i % av brutto driftinntekter	64,0 %	52,8 %


Vår total låneportefølje inkluderer lånet i samband med utbygginga av helsebygget på 172 mill. kr. Vestre Viken betalar husleige til Ål kommune, og inntektene vert brukt til å betene delar av lånet. Investeringar på sjølvkostområde inngår også i denne gjelta.

Ål kommune har 84 % av låneporteføljen sin i Kommunalbanen, 6 % i KLP kommunekreditt og 9 % i Husbanken (dette er lån til vidareformidling).

Bank	beløp	andel
Kommunalbanken	409 149 100	84 %
KLP Kommunekreditt	30 844 500	6 %
Husbanken	45 129 484	9 %
Sum	485 123 084	100 %




ÅL KOMMUNE



Ål kommune har pr. 31.12.2019 eitt lån i Kommunalbanken med fastrente på 2,3 %. Elles har låna flytande rente, og dette har vore gunstig for kommunen dei siste åra. Rentenivået har vore relativt lågt, men frå 2019 er renta oppjustert og ytterlegare oppgang er forventa. Kommunen har berre plassering av midlar i bankinnskot, ikkje i fond eller som finansplassering, jfr. vedteke finansreglement.

Produkttype	Lånebeløp	Startdato	Sluttdato	Långiver	Registrert dato	Rentetype	Rente	Indeks	Avdragstype
Lån	318 750,00	01.11.2018	01.11.2021	Husbanken	01.11.2018	Flytende		Husbanken Halvårig	Serie
Lån	252 043,00	01.07.2018	01.01.2023	Husbanken	01.07.2018	Flytende		Husbanken Halvårig	Annuitet
Lån	30 467,00	01.07.2018	01.07.2023	Husbanken	01.07.2018	Flytende		Husbanken Halvårig	Annuitet
Lån	34 068,00	01.07.2018	01.01.2024	Husbanken	01.07.2018	Flytende		Husbanken Halvårig	Annuitet
Lån	299 988,00	01.10.2018	01.04.2023	Husbanken	01.10.2018	Flytende		Husbanken Kvartalsvis	Serie
Lån	1 030 244,00	01.09.2018	01.03.2034	Husbanken	01.09.2018	Flytende		Husbanken Halvårig	Serie
Lån	666 559,00	01.10.2018	01.04.2032	Husbanken	01.10.2018	Flytende		Husbanken Kvartalsvis	Annuitet
Lån	1 089 984,00	01.11.2018	01.11.2033	Husbanken	01.11.2018	Flytende		Husbanken Kvartalsvis	Annuitet
Lån	1 491 345,00	01.12.2018	01.06.2034	Husbanken	01.12.2018	Flytende		Husbanken Halvårig	Annuitet
Lån	2 237 019,00	01.12.2018	01.12.2034	Husbanken	01.12.2018	Flytende		Husbanken Halvårig	Annuitet
Lån	2 298 388,00	01.12.2018	01.12.2034	Husbanken	01.12.2018	Flytende		Husbanken Halvårig	Annuitet
Lån	6 290 138,00	01.12.2018	01.06.2035	Husbanken	01.12.2018	Flytende		Husbanken Halvårig	Annuitet
Lån	1 651 912,00	01.11.2018	01.05.2036	Husbanken	01.11.2018	Flytende		Husbanken Halvårig	Annuitet
Lån	1 637 735,00	01.11.2018	01.05.2037	Husbanken	01.11.2018	Flytende		Husbanken Halvårig	Serie
Lån	1 681 815,00	01.11.2018	01.05.2037	Husbanken	01.11.2018	Flytende		Husbanken Halvårig	Serie
Lån	2 590 908,00	01.11.2018	01.11.2037	Husbanken	01.11.2018	Flytende		Husbanken Halvårig	Serie
Lån	4 545 452,00	01.07.2018	01.07.2038	Husbanken	01.07.2018	Flytende		Husbanken Halvårig	Serie
Lån	7 599 998,00	01.10.2018	01.04.2047	Husbanken	01.10.2018	Flytende		Husbanken Halvårig	Serie
Lån	7 866 666,00	01.10.2018	01.04.2048	Husbanken	01.10.2018	Flytende		Husbanken Halvårig	Serie
Lån	4 000 000,00	25.02.2019	01.03.2049	Husbanken	25.02.2019	Flytende		Husbanken Halvårig	Serie
Lån	4 000 000,00	25.02.2020	01.03.2050	Husbanken	25.02.2020	Flytende		Husbanken Halvårig	Serie
Lån	4 500 000,00	05.04.2002	01.04.2022	KommunalBanken	05.04.2002	Flytende		Ordinær p.t.	Serie
Lån	20 000 000,00	10.09.2004	01.09.2034	KommunalBanken	10.09.2004	Flytende		Ordinær p.t.	Serie
Lån	2 700 000,00	29.09.2006	29.09.2026	KommunalBanken	29.09.2006	Flytende		Ordinær p.t.	Serie
Lån	12 000 000,00	04.09.2008	04.09.2048	KommunalBanken	04.09.2008	Flytende		Ordinær p.t.	Serie
Lån	8 000 000,00	09.12.2009	11.12.2034	KommunalBanken	09.12.2009	Flytende		Ordinær p.t.	Serie
Lån	24 000 000,00	27.12.2010	27.12.2040	KommunalBanken	27.12.2010	Flytende		Grønn p.t.	Serie
Lån	12 634 075,00	23.12.2011	23.12.2041	KommunalBanken	23.12.2011	Flytende		Ordinær p.t.	Serie
Lån	38 193 000,00	14.06.2012	15.06.2037	KommunalBanken	14.06.2012	Flytende		NIBOR3M	Serie
Lån	7 891 000,00	06.12.2012	07.12.2037	KommunalBanken	06.12.2012	Flytende		Ordinær p.t.	Serie
Lån	43 975 760,00	19.08.2013	19.08.2038	KommunalBanken	19.08.2013	Flytende		Ordinær p.t.	Serie
Lån	70 000 000,00	04.12.2014	05.12.2044	KommunalBanken	04.12.2014	Fastrente	2,3000%		Serie
Lån	4 800 000,00	19.10.2015	19.10.2045	KommunalBanken	19.10.2015	Flytende		Ordinær p.t.	Serie
Lån	101 200 000,00	14.03.2016	14.03.2046	KommunalBanken	14.03.2016	Flytende		Ordinær p.t.	Serie
Lån	75 000 000,00	04.11.2016	05.11.2046	KommunalBanken	04.11.2016	Flytende		Ordinær p.t.	Serie
Lån	30 600 000,00	15.12.2017	16.12.2047	KommunalBanken	15.12.2017	Flytende		Ordinær p.t.	Serie
Lån	118 555 000,00	24.09.2019	24.09.2049	KommunalBanken	24.09.2019	Flytende		Ordinær p.t.	Serie



ÅL KOMMUNE

Renteutvikling dei neste 10 årene.



Netto lånegjeld pr. innbyggjar utgjer 84 854 kr. Gjennomsnittet for samanstillingsgruppa er 107 580 kr pr. innbyggjar, medan fylkesgjennomsnittet er på 70 093 kr pr. innbyggjar.

Tal i 1000 kr.

	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Netto lånegjeld*	171 698	230 465	375 109	312 298	319 684	396 608
Pr. innbyggjar	36,4	48,9	79,5	67,5	68,4	84,8
Banklån	286 833	283 492	449 086	377 215	380 542	485 123

Saldo på fond i 1000 kr


Fondstype	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Dispositionsfond	43 478	35 600	38 591	43 850	52 098	65 563
Bundne driftsfond*	46 406	49 900	63 710	61 806	60 129	65 583
Ubundne investeringsfond	1 411	1 411	1 411	11,4	11,4	11,4
Bundne investeringsfond	70	474	9 858	11 952	10 660	12 500
Sum totalt*	91 365	87 385	113 570	117 619	122 898	143 657

*Inkluderer det som tilhører Regionrådet for Hallingdal på 13,2 mill. kr.

Dispositionsfondet vil auke med ca. 19,5 mill. kr med avsetting av årets mindreforbruk.

Fondsmidlar er inndelt i fire grupper. Det er nokre vurderingar som må gjerast mellom nokre av gruppene, men det er meir marginalt i oversynet. Gruppene har nokre sær preg:

- **Bundne driftsfond** er øyremerkte midlar som berre kan nyttast til drift og dei føremåla dei er meint å dekke ved overføringa til kommunen. Når midlane er sett av til fond, så er det fordi dei ikkje er nytta til føremålet fullt ut i rekneskapsåret dei er mottekne. Midlane er ikkje til fri disposisjon for kommunestyret.



ÅL KOMMUNE

- **Bundne investeringsfond** er øyremerka til spesielle investeringsføremål. Kommunestyret kan ikkje omprioritere desse midlane.
- **Ubundne investeringsfond** kan berre nyttast til investeringar og ikkje til driftstiltak. Kommunen kan sjølv disponere midlane.
- **Disposisjonsfond** kan nyttast både til driftstiltak og til investeringstiltak. Kommunestyret bestemmer kva midlane skal nyttast til. Fylkesmannen rår kommunane til å bygge opp disposisjonsfond på 5 % av driftsinntektene. Dette gir kommunen moderat økonomisk handlefridom, medan eit disposisjonsfond på meir enn 8 % gir større grad av økonomisk handlingsrom. Ål kommune har styrka disposisjonsfondet dei siste to åra til anbefalt nivå.

2019	2018	
10,58 %	8,60 %	disposisjonsfond i % av brutto inntekter
13,72 %	12,58 %	disposisjonsfond inkl.årets overskot i % av brutto driftsinntekter

Kostraanalyse


All rapportering til SSB frå kommunane blir organisert i eit nasjonalt informasjons- og styringssystem, KOSTRA. Data frå dette systemet skal gje grunnlag for betre styring av kommunal verksemد gjennom analyse, planlegging og samanstilling.

Bruk av tala

Det er viktig å merke seg at tala ikkje fortel noko om kvaliteten på tenestene. Til dømes kan ein ynskje å ha eit høgt forbruk på ymse tenester som ei målretta prioritering. Samanstilling post for post mot andre kommunar kan gje store utslag viss rapporteringa er gjort ulikt, gjort feil eller ikkje gjort i det heile. Det vil som regel vera klokt å sjå tal og utvikling over nokre år. Eit kritisk blikk krev at ein ofte må sjå bak tala.

Anna rapportering

Saman med intern rapportering av kvalitet, ressursbruk og resultat vil KOSTRA vere eit nyttig verktøy. Kommunen har eit enkelt oppsett for balansert målstyring der både målkart, planar og tertialsrapportering inngår. Dei ulike einingane har dessutan eigne og lovbestemte krav å styre etter. For overordna styring av rammer og ressursbruk har me budsjett, økonomiplan og rekneskap.



ÅL KOMMUNE

Utvalede nøkkeltall, kommuner - nivå 1 (K) etter statistikkvariabel, år og region

	2019	2019	2019	2019	Gruppe 3
	0619 Ål	Gruppe 03	Buskerud	Landet	0620 Hol
Finansielle nøkkeltall					
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	-4,0	-0,6	-0,1	0,3	-3,3
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	2,9	-0,5	1,0	1,4	-0,5
Frie inntekter i kroner per innbygger	63 876	69 096	56 419	57 297	63 056
Langsiktig gjeld ek pensjonsforpliktelser i prosent av brutto driftsinntekter	80,7	105,3	111,6	110,5	86,6
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter	30,5	20,0	14,7	20,6	25,6
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	89 125	107 580	70 093	78 955	82 787
Prioritering					
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager	190 452	182 228	162 629	163 025	201 619
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år	145 091	159 608	111 562	117 107	176 902
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, kommunehelsetjenesten	4 067	4 434	1 873	2 110	4 798
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgstjenesten	25 110	24 095	18 426	19 164	27 960
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger	2 253	3 278	3 352	2 454	1 804
Netto driftsutgifter per innbygger, barnevernstjenesten	2 823	2 801	2 293	2 294	2 675
Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb	7 822	8 570	4 151	4 476	8 176
Dekningsgrad					
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	90,9	92,6	91,0	92,4	94,1
Andel barn som får ekstra ressurs til styrket tilbud - antall barn i bh.	24,3	19,7	27,8	20,6	16,8
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning i alle trinn	14,2	9,1	8,2	7,8	15,3
Andel minoritetsspråklige barn i forhold til alle barn i bh.	19,5	16,6	24,6	17,3	14,7
Eleversom får skoleskyss - andel av alle barn i skolen (%)	41,8	41,9	20,7	23,0	30,3
Andel timer spes.undervisning avtall lærertimer - 8-10 trinn	27,7	20,3	20,5	20,5	24,9
Legeårsværk pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	19,7	16,9	11,0	11,4	16,0
Fysioterapiårsværk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	16,3	11,5	10,3	9,7	14,4
Avtalte årsverk i helse-stasjons- og skolehelsetjeneste pr. 10.000 innbyggere 0 - 20 år	71,8	63,2	36,3	44,1	79,1
Andel innbyggere i bolig m/ fast tilknyttet bemanning hele døgnet 80 år og over (prosent)	7,4	6,1	3,5	3,8	5,7
Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggere 0-22 år	2,8	5,2	3,8	3,8	4,7
Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbyggere	30	33	20	21	32
Årsverk i brann- og ulykkesvern pr. 1000 innbyggere	0,59	..	0,50	0,70	2,23
Produktivitet/enhetskostnader					
Korrigerte brutto driftsutgifter totalt pr. innbygger	117 732	101 107	67 555	71 105	110 771
Korrigerte brutto driftsutgifter per barn i kommunal barnehage	183 821	202 780	182 347	178 409	189 543
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole, skolelokaler og skoleskyss (202, 222, 223), per elev	**	163 273	119 395	125 869	179 257
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass	1 192 877	1 304 043	1 346 732	1 275 676	1 462 476
Årsgebyr for vannforsyning - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1)	3 600	3 722	3 876	3 739	3 912
Årsgebyr for avløpstjenesten - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1)	4 414	3 908	4 615	4 142	2 747
Årsgebyr for avfallstjenesten - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1)	2 392	2 759	2 561	2 851	2 578
Bto. dr.utgifter i kr pr. km kommunal vei og gate	181 940	106 560	253 538	164 755	329 827